


Vakttårnprosjektet

Epidemiologiske data frå legevakt Samlerapport for 2020

Rapport nr. 4-2021

Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin



| | |
|--------------------------|--|
| Tittel | Vakttårnprosjektet. Epidemiologiske data frå legevakt. Samlerapport for 2020. |
| Institusjon | Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin (NKLM), NORCE, Bergen |
| Ansvarlig | Forskningsleder Jesper Blinkenberg |
| Forfattere | Ole Johan Eikeland, fagsjef, cand. polit., Eikeland forskning og undervising; Siri-Linn Schmidt Fotland, forsker, sykepleier, NKLM; Jesper Blinkenberg, senterleder, NKLM; Guttorm Raknes, forsker, lege, Raknes Research; |
| ISBN | 978-82-8408-162-5 (pdf) |
| ISSN | 1891-3474 |
| Rapport | Nr. 4-2021 |
| Tilgjengelighet | Pdf |
| Prosjekttittel | Vakttårnprosjektet |
| Antall sider | 52 |
| Publiseringsmåned | Juli 2021 |
| Oppdragsgiver | Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin |
| Sitering | Eikeland OJ., Fotland, SLS., Blinkenberg, J., Raknes G., Vakttårnprosjektet. Epidemiologiske data frå legevakt. Samlerapport for 2020. Rapport nr. 4-2021. Bergen: Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin, NORCE, 2021 |

Helsedepartementet har etablert Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin (NKLM). Senteret er organisert i NORCE Norwegian Research Centre, avdeling Helse, og knyttet faglig til Institutt for global helse og samfunnsmedisin, Universitetet i Bergen. NKLM skal gjennom forskning og fagutvikling og i samarbeid med andre fagmiljø bidra til å bygge opp og formidle kunnskap innen kommunal legevaktmedisin.

| | |
|----------------------|--|
| Nettadresse | www.norceresearch.no |
| E-post | legevaktmedisin@norceresearch.no |
| Telefon | +47 56 10 72 88 |
| Besøksadresse | Årstadveien 17 |
| Postadresse | NORCE, NKLM, Postboks 22 Nygårdstangen |
| Postnummer | 5838 |
| Poststed | Bergen |

Innhald

| | |
|-----------------------------------|-------|
| Samandrag | s. 5 |
| 1 Innleiing | s. 6 |
| 2 Dei sju vaktårna | s. 8 |
| 2.1 Alta kommunale legevakt | s. 8 |
| 2.2 Legevakten i Arendal | s. 9 |
| 2.3 Austevoll legevakt | s. 9 |
| 2.4 Kvam legevakt | s. 10 |
| 2.5 Nes legevakt | s. 10 |
| 2.6 Legevakttenester i Solør | s. 11 |
| 2.7 Legevakta i Tromsø | s. 11 |
| 2.8 Legevaktkontaktar i 2020 | s. 12 |
| 2.9 Rapporten | s. 12 |
| 3 Registreringane og datakvalitet | s. 14 |
| 4 Resultat frå registreringane | s. 21 |
| 4.1 Alder | s. 21 |
| 4.2 Kjønn | s. 24 |
| 4.3 Årsratar og døgngjennomsnitt | s. 25 |
| 4.4 Dag og tid | s. 27 |
| 4.5 Kontaktmåte | s. 31 |
| 4.6 Hastegrad | s. 32 |
| 4.7 Tiltak | s. 38 |
| 4.8 Geografi | s. 40 |
| 4.9 Covid-19-pandemien | s. 42 |
| 5 Oppsummering | s. 44 |
| 5.1 Vaktårna | s. 44 |
| 5.2 Nasjonale estimat | s. 45 |
| Appendiks | s. 49 |
| Kodebok | s. 50 |
| Tabell A.1 og tabell A.2 | s. 51 |

Samandrag

Koronapandemien prega også vaktårna i 2020. Kontaktraten steig kraftig, til 397 pr. tusen innbyggjarar (363 pr. tusen i 2019), men variasjonen mellom vaktårna var stor. Legevaktene i Arendal, Kvam og Nes drog raten opp. Variasjonen kjem av at pandemien vart handtert ulikt i dei kommunane som legevaktene høyrer til. Frå og med mars månad og ut året gjaldt 27,9 prosent av kontaktane mistanke om covid-19. Månadene mars, august, september, oktober og november var dei mest hektiske i så måte.

Pandemien gav også endringar i responsratane og fordelingane, der grøn respons auka og utgjorde to av tre, medan gul respons vart redusert og gjaldt kvar fjerde. Prosjektgruppa la til eit nytt legevaktstiltak i registreringane frå 20. mars. Etter det utgjorde prøvetaking av korona 18,1 prosent av tiltaka, men variasjonen mellom vaktårna var stor også der. Igjen var det legevaktene i Arendal, Kvam og Nes som utmerka seg med ein høgare del prøvetaking enn dei fire andre vaktårna.

Kjønnsfordelinga er stabil, men pandemien gav endringar i både aldersfordelinga og aldersgjennomsnittet. Aldri før har legevaktkontaktane i Vaktårnprosjektet hatt ein høgare alder, 38,4 år i gjennomsnitt, men det gjaldt ikkje alle vaktårna. Kvam legevakt hadde ein kraftig reduksjon i aldersgjennomsnittet pga. lokale forhold ved pandemien. Vi ser elles at vaktårna har hatt ein større del kontakt frå alderssjiktet 30 til 60 år enn tidlegare, noko som har gitt bidrag til lågare variasjon i aldersfordelinga.

Tendensen dei siste åra, med synkende prosentdelen av kontaktane som kjem i helga, held fram. Berre 30,5 prosent av kontaktane kom i 2020 i helga (35,6 prosent i 2019). Ettersom kontaktvolumet har auka treng ikkje det bety at legevaktene har hatt det rolegare i helgane.

Dei fleste legevaktene (også i samarbeid med aktuelle kommunar) innførte strenge kontrolltiltak for å hindre at smitte kom inn på sjølve legevaktene, t.d. med å ha teststasjonar på utsida eller testsenter vart oppretta andre stader. Med det gjekk direkte oppmøte ved legevaktene kraftig ned, og gjaldt 4,1 prosent året under eitt; berre 2,8 prosent frå og med mars. (Direkte oppmøte utgjorde 13,2 prosent i 2019.) Raten telefonkontakt frå pasient, pårørande eller omsorgsperson var 311,4 pr. tusen innbyggjarar, og utgjorde 78,7 prosent av måtane det vart tatt kontakt på.

1 Innleiing

I fjorten år har Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin (NKLM) registrert legevaktaktivitet i Noreg med eit utval av sju legevaktdistrikt, kalla vakttårn. Registreringane gjeld først og fremst all kontakt som har medisinsk relevans, med eventuelle tilleggsopplysningar. I dei fire åra 2014 til 2017 vart også kontaktårsak registrert, med bruk av ICPC-2-koder.

Covid-19-pandemien ga i 2020 store og dels nye utfordringar for både legevakter og helsetenester generelt i Noreg. I kontaktregistreringane kjem desse utfordringane tydeleg fram hos nokre av vakttårna, men der er òg variasjon mellom dei. Variasjonen kjem først og fremst av måten dei einskilde kommunane handterte pandemien på. Utvalet av legevakter var til og med 2013 desse:

Alta kommunale legevakt,
Legevakten i Arendal,
Austevoll legevakt,
Kvam legevakt,
Nes legevakt,
Solør legevakt og alarmsentral,
Legevakta i Tromsø.

Frå og med 2014 vart Solør legevakt og alarmsentral lagt ned, og dei interkommunale legevaktene i Elverum (Våler og Åsnes) og Kongsvinger (Grue) deler no på å vere legevakter for innbyggjarane i dei tre aktuelle kommunane, som framleis er å rekne som eit område for Vakttårnprosjektet. Nemninga Solør blir framleis brukt.

Eit eige registreringsverktøyet vart utvikla for å gje arbeidet den systematikk som krevst i medisinsk forskning. Frå og med 2013 vart dette bytt ut med eit nettbasert system, Zoho Creator. Det er mogeleg å registrere andre ting enn dei faste opplysningane. I 2015 registrerte vakttårna bruken av det nye legevakttelefonnummeret (116 117). Frå og med august 2009 til og med januar 2010 vart det registrert om kontaktane til legevaktene var knytt til influensapandemien. I periodar har det blitt registrert om kontakten dreier seg om psykiatri eller rus (legevaktene i Alta, Arendal, Kvam og Tromsø), om kontakten har handla om

livskrise (Tromsø) eller om det er snakk om vold i nære relasjonar (Arendal). Nokre har òg lagt vekt på å avdekkje ressursbruken når det gjeld «kvite kontaktar», altså kontakt utan medisinsk relevans (legevaktene i Alta, Kvam, Nes og Tromsø).

Kvart vaktårn får årleg ein eigen rapport som primært omhandlar aktiviteten ved den aktuelle legevakta. I denne rapporten viser vi resultat frå vaktårna samla. Det blir gjort samanlikningar og søkt etter endringar og tendensar i perioden 2007 til 2020, og dels blir resultat frå alle registreringsåra vist i detalj.

2 Dei sju vakttårna

Registreringane som vakttårna utfører skal gje kunnskap om kva som kjenneteiknar kontakt med legevaktene og variasjonen i dette. Representativitetsomsyn kravde i starten av prosjektet at utvalet skulle dekkje minst 150 000 innbyggjarar; vakttårna skulle samla stå for 150 000 pasientregistreringar i året; legevakter i både små og mellomstore kommunar skulle vere med; det skulle vere geografisk variasjon i utvalet. Dei sju vakttårna, Alta kommunale legevakt, Legevakten i Arendal, Austevoll legevakt, Kvam legevakt, Nes legevakt, Solør legevakt og alarmsentral (til og med 2013, ny organisering av legevakttenestene etter det) og Legevakta i Tromsø dekkjer totalt 15 947 kvadratkilometer (22 470 kvadratkilometer inkludert territorialfarvatn). Pr. 1. januar i 2020 var det samla folketalet i vakttårnkommunane 246 477 (SSB, Statistikkbanken, 2021). Folkesetnaden i vakttårndistrikta utgjer 4,6 prosent av folketalet i Noreg; vakttårndistrikta utgjer samla 4,9 prosent av det totale arealet i landet.

2.1 Alta kommunale legevakt

Alta kommunale legevakt dekte i 2020 ein kommune med 20 789 innbyggjarar (20 665 i 2019); kommunen har eit areal på 3 849 kvadratkilometer, 4 558 kvadratkilometer inkludert territorialfarvatn (SSB, Statistikkbanken, 2021). Legevakta er lokalisert i Alta helsesenter.

Hammerfest sykehus er lokalt akuttsjukehus som ligg fjorten mil unna, som gir ambulansetilgjenglegheit ei reisetid på to timar. Ein del pasientar blir også vist til Universitetssykehuset i Nord-Norge (UNN i Tromsø). Luftambulansen har base i Alta og blir koordinert frå AMK UNN. AMK-funksjonen ligg i Kirkenes (AMK Finnmark).

I samband med covid-19-pandemien i 2020 vart bemanninga ved legevakta auka. Eigen luftveispoliklinikk vart oppretta i Alta helsesenter der legevakta ligg. Klinikken er legevakta sitt ansvar og personellet der går inn i legevaktturnusen. I august 2020 vart det i tillegg oppretta eit koronateam, organisert under legevakt, med eige personell som tar seg av kontakt med legevakta som gjeld covid-19 og gjennomfører koronatesting i kommunen.

2.2 Legevakten i Arendal

Legevakten i Arendal er interkommunal med ti kommunar som samarbeider om den ordinære legevakttenesta. Legevakta dekkjer store delar av det som var Aust-Agder fylke (åtte kommunar) og to kommunar i Telemark. Området er 5 624 kvadratkilometer (7 695 kvadratkilometer inkludert territorialfarvatn) og hadde 96 452 innbyggjarar i 2020 (95 950 i 2019), der 81 405 budde i dei fire byane langs kysten (Arendal, Grimstad, Tvedestrand og Risør) og dei resterande 15 047 i seks landkommunar (Froland, Åmli, Vegårshei, Gjerstad, Nissedal og Fyresdal) (SSB, Statistikkbanken, 2021). Legevakta er telefonformidlingssentral for dei tre kommunane Evje og Hornnes, Bykle, Valle, og nattlegevakt for innbyggjarane i Evje og Hornnes, og Bygland. Legevakten i Arendal brukar «Manchester triage» (TTA telefontriage og MTS oppmøtetriage) som støtteverktøy heile døgnet og har sjukepleiarar og legar på vakt kontinuerleg. Overgrepsmottak for dei samarbeidande kommunane ligg i Kristiansand. Legevakta er lokalisert på Sørlandet sjukehus i Arendal, like ved skadepoliklinikk og akuttmottak, og er knytt til AMK Sørlandet.

Då covid-19-pandemien braut ut, stengde legevakta dørene for pasientar med luftvegssymptom. Vektarar vart engasjert til å kontrollere alle som vende seg til legevakta. Pasientar med covid-mistanke har i heile perioden blitt undersøkt og behandla i provisoriske lokale på utsida av legevakta. Frå mars til november hadde legevakta ansvar for testing. Då vart det oppretta ein eigen teststasjon for kommunane Arendal og Froland, men to av tre testtelefonar vart framleis handtert av legevakta.

2.3 Austevoll legevakt

Austevoll legevakt er legevakt for Austevoll kommune, ein øykommune sør for Bergen med ferjebasert landsamband. Arealet er 117 kvadratkilometer (947 kvadratkilometer inkludert territorialfarvatn) og i 2020 var innbyggjartalet 5 236 (5 212 i 2019) (SSB, Statistikkbanken, 2021). Bjørnafjorden og Samnanger legevakt er legevaktssentral for Austevoll legevakt. Den utøvande legevakttenesta blir gjort av legane i Austevoll med telefonkonsultasjon, bruk av ordinære legekontor i legevaktfunksjon eller sjukebesøk. Austevoll sin tilhøyrande AMK-sentral er lokalisert til Haukeland universitetssjukehus (AMK Bergen). Austevoll legevakt har ein lege på vakt på kvelds- og nattetid, samt beredskap frå legekontor på dagtid.

Austevoll kommune hadde pandemiplan klar då covid-19-pandemien braut ut tidleg i 2020. Ein eigen koronatelefon og senter for covid-19-kontaktar vart oppretta. Fastlegane i

kommunen tok seg av all testing, også med å opprette luftvegsklinikk. Smittevernlegen vart kontakta direkte av legevaktsentralen i Bjørnafjorden når kontakten gjaldt covid-19.

2.4 Kvam legevakt

Kvam herad har eit areal på 616 kvadratkilometer (762 kvadratkilometer inkludert territorialvatn) og i 2020 var folketalet 8 457 (8 441 innbyggjarar i 2019) (SSB, Statistikkbanken, 2021). Legevakta er i same lokalet som ambulansetenesta og Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling. Frå legevakta er det sytti minutt køyretid til Voss sjukehus, som er lokalsjukehus for Kvam herad. Til Haukeland sjukehus er køyretida åtti minutt. Kvam legevakt er knytt til AMK Bergen.

Kvam legevakt er ein av tre legevaktstasjonar i Hardanger og Voss legevaktdistrikt. Legevaktsjefen og prosedyrehandbok er felles for legevaktdistriktet. Legevaktsentralen har sjukepleiar også på dagtid.

Kvam legevakt har sidan mars 2020 vore sentral når det gjeld testing av covid-19 og i handteringa av det som dreier seg om pandemien i kommunen. Teststasjonen for covid-19 har òg vore lagt til legevakta. Dei har hatt luftvegslegevakt med eigen turnus, og hausten 2020 fekk dei eige legekontor for dette formålet med eigen inngang på legevakta. Ved utbrot i kommunen har dei hatt inntil tre sjukepleiarar ved testtelefonen. Timar for testing har blitt utvida etter behov. Legevakta har eigen legevaktslogg for covid-19, som blir registrert i vakttårn.

2.5 Nes legevakt

Nes legevakt i Akershus var i 2020 ei kommunal legevakt for ein kommune med 23 092 innbyggjarar (21 885 i 2019). Arealet i 2020 var 641 kvadratkilometer (SSB, Statistikkbanken, 2021). Nes kommune vart i 2020 geografisk utvida. Pga. kommunereforma vart grunnkretsane Rånåsfoss og ein del av Hellesjø vart flytta frå Sørums kommun til Nes kommune. Dette gav ein auke på fire kvadratkilometer (SSB, 2020). Folketalsauken pr. januar 2020 var med dette ca. 750 innbyggjarar.

Legevakta er lokalisert i Bygdesenteret på Årnes med førti minutt køyretid til Kongsvinger sykehus, der pasientar blir tilvist ved innlegging. I ein del tilfelle blir pasientar vist til Akershus universitetssykehus, eventuelt Oslo universitetssykehus. Oslo og Akershus AMK er legevakta sin AMK-sentral, lokalisert på Universitetssykehuset Ullevål. Legevaktsentralen er plassert i legevakta sine lokale på Årnes. Legevakta er open for

publikum og bemanna med lege på kvardagar kl. 15.30 til 8.00, og døgnopen laurdag og søndag og på andre helgedagar.

I samband med covid-19-pandemien hadde Nes legevakt luftvegslegevakt med fast turnus etter påske i 2020. Legevakta tok på same tidspunkt også over ansvaret for informasjonstelefon for covid-19. Teststasjonen for covid-19 har òg vore lagt til legevakta. Legevakta har eigen legevaktslogg for covid-19, som blir registrert i vakttårn.

2.6 Legevakttenester i Solør

Solør legevakt og alarmsentral (SLVA) var til og med året 2013 ei interkommunal verksemd med kommunane Våler, Åsnes og Grue som deltakande eigarar. Verksemda var då knytt til AMK Innlandet (Gjøvik) og utgjorde Solør legevaktdistrikt. Frå januar 2014 vart SLVA lagt ned og innbyggjarane fekk då nye legevakter. Innbyggjarane i Våler og Åsnes brukar no Elverum interkommunale legevakt (EIK); innbyggjarane i Grue brukar Kongsvinger interkommunale legevakt (KIL) (tidlegare Glåmdal). Dei 15 477 innbyggjarane (2 583 kvadratkilometer) fordelte seg slik i 2020: Grue, 4 612 innbyggjarar (837 kvadratkilometer); Våler, 3 662 innbyggjarar (1 041 kvadratkilometer); Åsnes, 7 203 innbyggjarar (705 kvadratkilometer) (SSB, Statistikkbanken, 2021).

Luftvegsklinikkar og eigen koronatelefon vart oppretta i samband med pandemien. Kommunane Åsnes og Våler etablerte eit koronasenter på Haslemoen i Våler kommune (infeksjonsklinikk og koronatesting) der fastlegar kunne tilvise pasientar. Innbyggjarane i Grue nytta også dette senteret. Innbyggjarane kunne sjølve bestille tid for test på koronasenteret. Legevakta i Elverum oppretta lokale på utsida av legevakta for pasientar med covid-19-mistanke. I Kongsvinger tok testsenteret seg av covid-19-mistenkt kontakt.

2.7 Legevakta i Tromsø

Legevakta i Tromsø var i 2020 ei kommunal legevakt for 76 974 innbyggjarar (76 649 i 2019) og dekkjer eit areal på 2 521 kvadratkilometer, 5 288 kvadratkilometer inkludert territorialfarvatn (SSB, Statistikkbanken, 2021). Legevakta er lokalisert i samband med Universitetssykehuset i Nord Norge (UNN), med eigen ambulanseinngang og i gangavstand til akuttmottaket. AMK-sentralen er lokalisert til UNN (AMK Tromsø). Legevakta har organisert daglegevakt med sjukepleiar og vaktlege til stades, og har elles sjukepleiarar og legar heile døgnet alle dagar. Legevakta er også legevaktsentral for innbyggjarane i dei seks

kommunane Balsfjord, Karlsøy, Kvæningen, Kåfjord, Lyngen og Storfjord. Sidan medio mars 2018 har legevakta brukt «Manchester Triage» som støtteverktøy i legevaktsentralen og ved oppmøte.

I samband med covid-19-pandemien vart det oppretta ei brakke for test på utsida av legevakta. Sjølve døra til legevakta vart stengt, og all kontakt måtte skje telefonisk. Dette gjaldt også dei som møtte opp direkte utanfor legevakta. Akutt sjuke eller personar som var tydeleg klinisk dårlige vart likevel tatt inn på legevakta.

2.8 Legevaktkontaktar i 2020

Totalt vart det registrert 97 770 medisinske kontaktar med dei utvalde legevaktene i 2020. Desse fordelte seg slik (sjå elles tabell 3.1):

Alta kommunale legevakt 10 297,
Legevakten i Arendal, 29 840,
Austevoll legevakt, 3 380,
Kvam legevakt, 7 839,
Nes legevakt, 18 575,
vaktårndistriktet Solør, 2 438,
Legevakta i Tromsø, 25 401.

Det er eit viktig mål for Vaktårnprosjektet at *all* relevant medisinsk kontakt med dei aktuelle legevaktene skal registrerast, men det førekjem tilfelle at det ikkje skjer. Prosjektet opplevde ein ratenedgang etter 2010. Han flata ut i 2017, men åra etter det gav ein oppgang, og då særleg i 2020 pga. koronapandemien. For ein del av vaktårna samsvarer ikkje talet registreringar alltid med utviklinga i tal rekningskort; for andre er det eit godt samsvar.

2.9 Rapporten

I rapporten vektlegg vi å få fram kva som kjenneteiknar kontakt med legevaktene, både ved prosentdelar og som jamførde ratar. Vi har data for fjorten år og i analysane og framstillingane ser vi derfor etter eventuelle trendar og tendensar frå 2007 til 2020, og kva som eventuelt utmerkjer seg. Vaktårna blir samanlikna med bruk av gjennomsnitt og prosentdelar. Endringar og kva som skil dei blir trekt fram.

Legevakter er organiserte på ulikt vis. Organiseringa samsvarer gjerne med kjenneteikn på området som legevaktene primært skal yte tenester overfor. Slik sett er legevakter i by- og landkommunar ulike. Om folk bur tett eller grisgrendt har noko å seie for korleis legevakttenestene er organiserte, men òg for korleis tenestene blir brukte. Vakttårnprosjektet har t.d. dokumentert at avstand til legevakta er ein særskilt viktig prediktor for bruken av legevakt (Raknes, G., Morken, T. og Hunskaar, S. «Reisetid og avstand til norske legevakter». Tidsskrift for Den norske legeforening 2014; 134:2145-2150). Folketalsgrunnlag, yrkes- og næringsstruktur, alderssamanstelling og ikkje minst variasjon i den demografiske utviklinga skapar eigne utfordringar for legevaktene. Om legevaktområdet har utdanningsinstitusjonar utover grunnskulen, kommunikasjonsmønsteret og avstandar, er forhold som påverkar legevaktbruk og kven som brukar legevaktene. Her spelar både årstider og forhold som ein ikkje har kontroll over inn, t.d. veret.

I løpet av dei fjorten åra i Vakttårnprosjektet har også vakttårna endra seg. Nokre har endra opningstider, andre har flytta i nye lokale eller bygd om lokalet. Nye arbeidsoppgåver har komme til, som å vere telefonsentral for andre kommunar, eller dei har omorganisert seg, t.d. i måten det blir tatt kontakt med legevakta på. I Solør opplevde dei svært store endringar i 2014 då legevakttenestene vart lagt om, dvs. då legevakta vart lagt ned. I rapporten blir det ikkje gått nærare inn på å problematisere slike tema, men der det er relevant å ta det opp, blir aktuelle empiriske funn kommentert og kopla til slike hendingar eller endringar.

Året 2020 ga vakttårna og legevakter generelt store utfordringar i måten dei møtte og handterte koronapandemien på – i samarbeid med kommunane som dei er legevakter for. Dette ser vi att i registreringane òg. Legevakter som til vanleg har ekstra stor pågang i løpet høgtider og feriar, har opplevd mindre pågang i slike periodar i 2020, men utover det hatt stor pågang. Andre vakttårn har rapportert at dei i enkeltperiodar har hatt det rolegare enn kva som elles er vanleg. Året 2020 har såleis ikkje vore eit normalår for legevaktene.

Tema som blir tatt opp i rapporten er kjønns- og aldersfordeling av kontaktane, kva fordeling tiltak og hastegrader har, på kva måte det blir tatt kontakt med legevaktene og kvar pasientane har sin bustadadresse (kommune eller land). I tillegg blir det vist ratar jamført pr. tusen innbyggjarar der det er aktuelt. Dette blir vist som ratar grafisk for dei to siste åra, og som gjennomsnittstal for dei føregåande åra. I kapitlet om datakvalitet tek vi også denne gongen opp avvik mellom vakttårnregistreringane og det som kjem fram i Helseøkonomiforvaltningen (Helfo) sine rekningskort. I siste kapittel viser vi så nasjonale estimat som er basert på vakttårnregistreringane og samanliknar meir spesifikt med registreringane i Helfo.

3 Registreringane og datakvalitet

Zoho Creator har sidan 2013 blitt brukt for å registrere aktiviteten ved vaktårna. Det opphavlege registreringsverktøyet i åra 2007 til 2012 vart vidareutvikla og forbetra så lenge det var i bruk. Dei same faste registreringane gjeld: tidspunkt for kontakt med legevakta, kven som tek kontakt (eller korleis det blir gjort), kjønn og alder på den som det gjeld, kva hastegrad og tiltak som blir sett i verk (sjå elles kodebok i appendiks). Kontaktårsak var ein del av dei registreringane i åra 2014 til 2017 (ICPC-2-koder), men vart sett på mellombels pause. For å kunne avdekkje kva covid-19-pandemien hadde å seie for legevaktene vart det i mars lagt til eit par registreringar. Frå den 4. mars registrerte vaktårna om kontakten gjaldt mistanke om covid-19. I tillegg skulle det opplysast om det var eit stadfesta tilfelle eller om det var mistenkt sannsynleg til å vere det. Seinare i mars, den 20., vart eit nytt tiltakspunkt lagt til dei sju som var der frå før, nemleg prøvetaking av korona.

Det blir vektlagt at vaktårnregistreringane skal gje minst mogeleg arbeid. Ei evaluering av datakvalitet og representativiteten til vaktårna vart gjort då prosjektet starta opp (Hansen, E. H., Hunskaar, S. «Development, implementation, and pilot study of a sentiel network («The Watchtowers») for monitoring emergency primary health care activity in Norway». BMC Health Serv Res 2008: 8: 62). I verktøyet Zoho Creator er det ei viktig endring å merke seg ved at det finst nøyaktig tidspunkt for registrering av aktivitet.

Ikkje all medisinsk kontakt med legevaktene blir registrert. Tap av data har størst konsekvens for utrekning av ratar og kan skade representativiteten. Ein måte å ta omsyn til systematisk tap på er å *vekta* inn gjennomsnittsestimat av det som manglar. I løpet av åra 2007 og 2008 skapte lokale forhold ved to av vaktårna problem i registreringsarbeidet, og registreringar for eit par avgrensa periodar gjekk tapt (maksimum to veker, som gjaldt Legevakten i Arendal og Alta kommunale legevakt). Tilsvarande systematiske tap av registreringar fann også stad i 2012, då ved Austevoll legevakt (og Hjelp24 i Oslo). Heile september månad gjekk tapt i tillegg til nokre dagar i august og juli. I samband med omlegginga av legevakttenester i Solør kom ikkje legevakta i Elverum i gang med registrering av aktiviteten frå kommunane Våler og Åsnes før i april i 2014. Slike systematiske tap av registreringar over ei viss tid er blitt vekta inn som estimat, basert på det som var gjennomsnitt i den aktuelle månaden i tidlegare år, eventuelt basert på vekegjennomsnittet i

ein måned, eller det som var gjennomsnittet dei ni siste månedene i 2014 (gjeld Våler og Åsnes).

Vakttårna har svært gode rutinar for å sikre at all medisinsk kontakt med legevakta blir registrert. Travle periodar (t.d. høgtider og feriar), generelt travle dagar eller vakter og periodar med vikarar gjer at ein ikkje alltid får med alt. For å gjere det enklare å setje nyttilsette og vikarar inn i vakttårnregistreringane har NKLM laga ein opplæringsvideo der bakgrunnen for prosjektet blir gjort greie for, og ein blir instruert i korleis registrere.

Sporadisk underregistrering av kontaktar kan ikkje sporast eller observerast. Paradokset er at når det er veldig travelt, så kan det bli meir av det. Registreringsprogrammet Zoho Creator er elles basert på tilgang til internett. Det kan skape problem i enkelte tilfelle eller i visse tidsrom der nettet anten er tregt eller tilgang manglar.

Den andre typen feil som kan oppstå er meir tilfeldige. Nesten alle registreringskategoriane er lista opp, der det er felt for å markere det som skal registrerast. Denne delen av data er derfor relativt sikre, men den som registrerer kan oppfatte feil og kan markere feil.

Aldersregistreringa er derimot ikkje førehandsdefinert i kategoriar. Den som registrerer skriv alderen til pasienten i eit ope felt med plass til tre siffer (ein kan vere alt frå 0, dvs. ikkje fylt eit år, til over 99 år). Dette opnar for skrivefeil.

For det fjerde: Det er ein tendens til at aldersregistreringane har ein viss grad av opphoping ved runde år. Årsaka er truleg at ein del registreringar av pasientdata blir gjort i etterkant, og ein kan då få omtrentlege overslag dersom ein ikkje kjenner den rette alderen. Overslag gjort etter personleg oppmøte av pasienten er meir korrekt enn eit overslag som er gjort etter telefonisk kontakt, eventuelt der kontakten med legevakta er gjort av andre.

Ein femte type feil er ufullstendig registrering, som oftast skjer i særst travle situasjonar. I den nye registreringsløysinga er dei fleste felte markert som obligatorisk. Ufullstendige registreringar er med det blitt færre. Dersom opplysningar manglar, så må operatøren markere dei som «ukjent». Registreringa av kontaktårsak var ikkje obligatorisk.

Tabell 3.1 summerer mengda manglande data (i promillar) for dei faste registreringspunkta (variablane) i registreringsskjemaet, bortsett frå det som blir registrert automatisk, dvs. vekenummer, dag og tidspunkt på døgnet (ICPC-2-registreringane er ikkje tatt med her). *Med «manglar» forstår vi også det som er «ukjent», uansett kva som er årsaka til det.*

Tabell 3.1. Tal faktiske registreringar totalt i åra 2007 til 2020 og *promille* manglande data (inkludert «ukjent») vaktårnvis i enkeltregistreringane. Framhald av tabell på neste side.

| Vaktårn | År | Regi- streringar | Kontakt- måte | Kommune- nummer | Kjønn | Alder | Haste- grad | Tiltak |
|-----------|-------------|---------------------|------------------|--------------------|------------|-------------|----------------|------------|
| Alta | 2007 | 11 023* | 2,5 | 5,6 | 3,5 | 16,6 | 19,1 | 5,5 |
| | 2008 | 11 501 | 3,9 | 6,8 | 3,7 | 39,0 | 7,6 | 8,9 |
| | 2009 | 12 380 | 17,9 | 18,2 | 19,1 | 39,2 | 28,6 | 29,6 |
| | 2010 | 13 368 | 2,2 | 6,9 | 7,6 | 24,5 | 7,9 | 5,6 |
| | 2011 | 11 841 | 1,1 | 4,3 | 6,8 | 21,7 | 7,3 | 5,1 |
| | 2012 | 11 309 | 1,1 | 8,9 | 20,2 | 47,4 | 15,4 | 2,7 |
| | 2013 | 10 408 | 1,2 | 1,2 | 3,8 | 13,4 | 7,3 | 6,1 |
| | 2014 | 9 220 | 0,8 | 1,1 | 2,3 | 89,8 | 4,9 | 3,0 |
| | 2015 | 9 745 | 0,8 | 4,6 | 3,1 | 113,7 | 6,4 | 2,4 |
| | 2016 | 10 524 | 1,0 | 2,3 | 1,9 | 58,8 | 2,9 | 1,6 |
| | 2017 | 8 239 | 0,6 | 2,9 | 1,7 | 24,6 | 2,7 | 1,0 |
| | 2018 | 10 429 | 0,4 | 1,4 | 1,7 | 29,3 | 4,4 | 1,2 |
| | 2019 | 11 100 | 0,3 | 0,5 | 0,7 | 15,0 | 2,6 | 1,1 |
| | 2020 | 10 297 | 0,3 | 0,8 | 0,8 | 19,3 | 0,0 | 0,4 |
| Arendal | 2007 | 29 930* | 10,7 | 4,1 | 3,4 | 5,2 | 6,5 | 6,9 |
| | 2008 | 30 266* | 4,2 | 4,6 | 4,5 | 5,4 | 5,7 | 6,2 |
| | 2009 | 30 483 | 13,2 | 16,3 | 14,8 | 19,6 | 15,6 | 16,2 |
| | 2010 | 31 443 | 4,4 | 6,3 | 4,2 | 6,9 | 4,6 | 4,5 |
| | 2011 | 32 392 | 1,1 | 2,2 | 1,2 | 2,3 | 1,5 | 2,3 |
| | 2012 | 33 007 | 1,1 | 2,7 | 1,1 | 2,5 | 1,2 | 1,8 |
| | 2013 | 30 778 | 0,5 | 1,8 | 0,5 | 3,6 | 0,7 | 1,5 |
| | 2014 | 28 606 | 0,1 | 1,0 | 0,3 | 3,4 | 0,2 | 0,1 |
| | 2015 | 25 021 | 0,4 | 0,2 | 0,2 | 4,7 | 0,2 | 0,2 |
| | 2016 | 23 851 | 0,1 | 0,4 | 0,5 | 7,2 | 0,3 | 0,2 |
| | 2017 | 28 019 | 0,5 | 0,0 | 0,9 | 1,6 | 0,7 | 0,2 |
| | 2018 | 28 977 | 0,0 | 0,1 | 0,1 | 0,4 | 4,3 | 0,3 |
| | 2019 | 26 052 | 0,1 | 0,0 | 0,1 | 0,3 | 16,5 | 0,6 |
| | 2020 | 29 840 | 1,9 | 5,3 | 5,3 | 13,9 | 3,7 | 0,8 |
| Austevoll | 2007 | 2 320 | 0,4 | 0,9 | 9,5 | 22,4 | 4,3 | 0,0 |
| | 2008 | 2 407 | 0,0 | 0,0 | 22,9 | 58,6 | 0,4 | 0,0 |
| | 2009 | 2 339 | 0,0 | 0,0 | 8,9 | 24,8 | 0,0 | 0,0 |
| | 2010 | 2 414 | 17,4 | 4,1 | 33,1 | 55,9 | 17,4 | 17,0 |
| | 2011 | 2 654 | 2,6 | 4,9 | 17,7 | 50,5 | 5,7 | 6,8 |
| | 2012 | 2 256* | 3,5 | 5,8 | 12,9 | 29,3 | 2,7 | 23,5 |
| | 2013 | 2 474 | 1,2 | 0 | 6,5 | 6,9 | 12,5 | 28,3 |
| | 2014 | 2 529 | 1,6 | 0,4 | 9,1 | 11,5 | 13,8 | 43,9 |
| | 2015 | 2 664 | 1,5 | 0,8 | 11,6 | 27,4 | 10,9 | 57,8 |
| | 2016 | 2 447 | 1,6 | 2,5 | 9,0 | 16,3 | 35,1 | 32,7 |
| | 2017 | 2 406 | 0,4 | 0,8 | 1,7 | 7,5 | 19,1 | 58,2 |
| | 2018 | 2 939 | 0,3 | 0,3 | 1,0 | 3,1 | 9,9 | 79,3 |
| | 2019 | 3 671 | 9,0 | 0,5 | 1,6 | 6,3 | 19,9 | 93,4 |
| | 2020 | 3 380 | 3,3 | 1,8 | 1,8 | 9,8 | 2,1 | 3,0 |

.... framhald, tabell 3.1. Tal faktiske registreringar totalt i åra 2007 til 2020 og *promille* manglande data (inkludert «ukjent») vaktårnvis i enkeltregistreringane. Framhald neste side.

| Vaktårn | År | Regi- streringar | Kontakt- måte | Kommune-/ landnummer | Kjønn | Alder | Haste- grad | Tiltak |
|--------------|-------------|---------------------|------------------|-------------------------|------------|-------------|----------------|------------|
| Kvam | 2007 | 4 660 | 0,2 | 0,0 | 0,4 | 0,2 | 1,5 | 0,0 |
| | 2008 | 4 567 | 0,7 | 0,2 | 0,2 | 0,9 | 1,8 | 0,9 |
| | 2009 | 4 645 | 0,9 | 1,3 | 2,4 | 2,6 | 1,9 | 1,5 |
| | 2010 | 4 370 | 0,5 | 0,9 | 2,3 | 1,4 | 0,5 | 0 |
| | 2011 | 4 225 | 0,0 | 0,9 | 1,2 | 0,9 | 0,7 | 0,0 |
| | 2012 | 4 482 | 0,2 | 0,2 | 0,4 | 0,4 | 0,4 | 0,4 |
| | 2013 | 4 724 | 0,2 | 16,9 | 0 | 0,2 | 0,4 | 0,9 |
| | 2014 | 4 467 | 0,0 | 0,0 | 0,4 | 0,4 | 0,0 | 0,2 |
| | 2015 | 4 559 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,4 | 0,0 |
| | 2016 | 4 706 | 0,0 | 0,2 | 0,0 | 0,4 | 0,2 | 0,0 |
| | 2017 | 4 625 | 0,0 | 0,0 | 0,2 | 0,6 | 0,2 | 0,0 |
| | 2018 | 4 611 | 0,2 | 0,2 | 0,4 | 0,2 | 0,2 | 0,2 |
| | 2019 | 4 452 | 0,0 | 0,4 | 0,4 | 0,9 | 1,3 | 1,1 |
| | 2020 | 7 839 | 0,6 | 0,1 | 0,1 | 0,3 | 0,0 | 0,1 |
| Nes | 2007 | 9 649 | 0,7 | 1,2 | 1,2 | 3,6 | 3,0 | 2,0 |
| | 2008 | 10 144 | 1,9 | 4,0 | 3,1 | 4,5 | 3,5 | 4,1 |
| | 2009 | 9 221 | 6,8 | 9,8 | 8,1 | 11,2 | 7,9 | 6,5 |
| | 2010 | 9 151 | 2,5 | 5,2 | 5,0 | 23,9 | 6,1 | 8,6 |
| | 2011 | 9 773 | 2,6 | 5,7 | 33,2 | 62,8 | 10,6 | 8,1 |
| | 2012 | 9 792 | 7,9 | 14,4 | 17,7 | 54,9 | 33,6 | 12,8 |
| | 2013 | 9 298 | 0,5 | 1,4 | 1,4 | 4,5 | 4,2 | 0,9 |
| | 2014 | 9 151 | 1,3 | 0,0 | 0,9 | 4,0 | 2,1 | 1,4 |
| | 2015 | 8 909 | 0,2 | 0,0 | 0,9 | 6,3 | 1,0 | 0,4 |
| | 2016 | 9 624 | 0,0 | 0,1 | 1,2 | 4,6 | 0,4 | 0,2 |
| | 2017 | 10 568 | 0,0 | 0,0 | 5,4 | 8,6 | 0,6 | 0,7 |
| | 2018 | 11 584 | 2,3 | 0,3 | 10,7 | 17,3 | 3,5 | 2,3 |
| | 2019 | 11 978 | 0,2 | 0,0 | 5,1 | 15,8 | 0,7 | 0,7 |
| | 2020 | 18 575 | 4,1 | 0,1 | 0,1 | 8,7 | 0,0 | 2,4 |
| Solør | 2007 | 8 358 | 3,6 | 2,2 | 1,8 | 5,6 | 8,4 | 4,3 |
| | 2008 | 8 196 | 5,7 | 6,2 | 6,3 | 6,5 | 5,9 | 7,0 |
| | 2009 | 8 207 | 1,9 | 1,9 | 1,8 | 2,2 | 2,3 | 3,4 |
| | 2010 | 7 883 | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,4 |
| | 2011 | 7 513 | 1,3 | 1,5 | 1,1 | 1,1 | 1,1 | 1,5 |
| | 2012 | 7 227 | 0,4 | 0,7 | 0,4 | 0,4 | 0,4 | 0,4 |
| | 2013 | 6 129 | 2,0 | 2,5 | 2,0 | 2,1 | 2,5 | 2,5 |
| | 2014 | 2 611* | 0,4 | - # | 0,8 | 1,9 | 2,7 | 0,4 |
| | 2015 | 3 151 | 0,6 | - # | 5,1 | 21,6 | 2,9 | 1,9 |
| | 2016 | 2 628 | 0,0 | - # | 3,0 | 14,8 | 0,0 | 0,8 |
| | 2017 | 2 933 | 0,0 | - # | 5,8 | 23,9 | 2,0 | 1,0 |
| | 2018 | 2 551 | 0,8 | - # | 1,2 | 13,3 | 1,6 | 0,8 |
| | 2019 | 2 977 | 1,0 | - # | 2,4 | 15,5 | 2,4 | 6,0 |
| | 2020 | 2 438 | 0,4 | - # | 0,0 | 39,4 | 0,8 | 1,2 |

.... framhald, tabell 3.1. Tal faktiske registreringar totalt i åra 2007 til 2020 og *promille* manglande data (inkludert «ukjent») vaktårnvis i enkeltregistreringane.

| Vaktårn | År | Regi- streringar | Kontakt- måte | Kommune-/ landnummer | Kjønn | Alder | Haste- grad | Tiltak |
|---------|-------------|---------------------|------------------|-------------------------|------------|-------------|----------------|------------|
| Tromsø | 2007 | 19 348 | 4,4 | 10,7 | 0,7 | 3,7 | 5,8 | 7,2 |
| | 2008 | 21 738 | 0,6 | 7,2 | 1,4 | 1,4 | 2,9 | 2,6 |
| | 2009 | 23 794 | 1,4 | 4,4 | 1,8 | 4,2 | 4,1 | 1,6 |
| | 2010 | 24 055 | 0,9 | 1,9 | 1,4 | 2,1 | 2,3 | 0,9 |
| | 2011 | 23 610 | 0,1 | 1,0 | 0,3 | 1,2 | 1,2 | 0,2 |
| | 2012 | 20 503 | 0,0 | 1,2 | 0,6 | 1,3 | 2,0 | 0,2 |
| | 2013 | 19 771 | 0,1 | 0,6 | 1,1 | 2,2 | 1,3 | 0,6 |
| | 2014 | 22 163 | 0,0 | 0,3 | 2,1 | 5,5 | 0,5 | 0,9 |
| | 2015 | 23 843 | 0,2 | 0,4 | 2,1 | 6,4 | 0,2 | 3,1 |
| | 2016 | 21 821 | 0,3 | 1,2 | 1,9 | 11,9 | 1,1 | 0,5 |
| | 2017 | 19 415 | 1,3 | 2,2 | 3,5 | 13,6 | 2,7 | 3,8 |
| | 2018 | 24 630 | 1,0 | 63,9 | 1,9 | 14,2 | 46,9 | 5,8 |
| | 2019 | 28 597 | 0,4 | 1,9 | 1,2 | 12,3 | 74,5 | 1,9 |
| | 2020 | 25 401 | 0,7 | 2,2 | 2,2 | 40,7 | 55,1 | 2,2 |

* Systematisk tap av data fann stad i løpet av året. Dette er dei faktisk registrerte. # bustadkommunen blir automatisk registrert som ein av solørkommunane ut frå telefonnummeret som blir brukt til legevaktene i Elverum eller Kongsvinger.

Aldersregistreringa er den som oftast er ukjent for dei som registrerer, men vi ser både årleg variasjon og variasjon mellom vaktårna. Hos fem av dei var det aldersregistreringa som oftast var ukjent i 2020. For første gong i Vaktårnprosjektet gjaldt dette også Austevoll legevakt. Grunnen til at Legevakta i Tromsø har mest mangel når det gjeld hastegrad er at ikkje all kontakt blir triagert («Manchester»), men kontakten blir likevel registrert. Tilsvarende ser vi hos Legevakten i Arendal, som gradvis la om til «Manchester Triage» frå hausten 2017, men dette endra seg til det betre i 2020, som tabell 3.1 viser.

I mars 2018, i samband med at Legevakta i Tromsø la om til nytt støtte-verktøy («Manchester Triage»), gjekk bustadopplysninga (kommune- eller landnummeret) tapt for tre veker. Dette hadde ei teknisk årsak i sjølve registreringsprogrammet Zoho Creator.

Tabell 3.2 gir oss opplysning om kor stor del av dei registrerte kontaktane med vaktårna som vi ikkje har *alle* seks opplysningane om (dvs. både kontaktmåte, bustadkommune, alder, kjønn, hastegrad og tiltak). (Tabell 3.2 viser altså kor stor del analyseiningar/registreringar som ein misser om alle seks variablane skal vere med samstundes i ein analyse, underforstått, manglar det *ei* opplysning skal registreringa/kontakten ikkje vere med i analysen.)

Alle vaktårna under eitt mangla i 2020 minst *ei* opplysning for 36 promillar av kontaktane. Dette er igjen lågare enn året før. Året 2013 er så langt året med klart lågast tal

manglende data i Vaktårnprosjektet, sett på denne måten. Variasjon i dette har vi sett hos alle. Vaktårna kan vere stabile i periodar, men så kan det finne stad endringar som forstyrrar registreringane. Auke i minst *ei* manglende registrering i 2020 hadde legevaktene i Alta, Arendal og Tromsø, og det gjaldt òg kontaktane frå Solør.

Tabell 3.2. *Promille* av kontaktregistreringane som manglar (inkludert ukjent) minst *ei* opplysning i åra 2007 til 2020 (ICPC-2 er ikkje medrekna). *Promille* manglende kontaktårsak (ICPC-2) i egne tabellrekker.


| | Alta | Arendal | Austevoll | Kvam | Nes | Solør | Tromsø | Alle |
|---------------------------------------|-------------|----------------|------------------|-------------|------------|--------------|---------------|-------------|
| 2007 | 41 | 24 | 29 | 2 | 10 | 18 | 30 | 24 |
| 2008 | 56 | 14 | 66 | 4 | 14 | 10 | 14 | 20 |
| 2009 | 58 | 26 | 26 | 6 | 15 | 5 | 11 | 23 |
| 2010 | 32 | 11 | 78 | 5 | 27 | 0,4 | 5 | 15 |
| 2011 | 28 | 6 | 60 | 3 | 67 | 2 | 4 | 16 |
| 2012 | 51 | 6 | 65 | 1 | 64 | 1 | 5 | 19 |
| 2013 | 21 | 3 | 48 | 18 | 8 | 3 | 5 | 10 |
| 2014 | 92 | 5 | 63 | 1 | 5 | 5 | 7 | 17 |
| 2015 | 118 | 6 | 84 | 0,4 | 7 | 22 | 9 | 24 |
| 2016 | 61 | 8 | 74 | 1 | 5 | 17 | 13 | 18 |
| 2017 | 26 | 4 | 82 | 1 | 10 | 26 | 17 | 14 |
| 2018 | 33 | 5 | 90 | 1 | 20 | 15 | 118 | 46 |
| 2019 | 17 | 17 | 123 | 2 | 17 | 24 | 82 | 42 |
| 2020 | 21 | 19 | 18 | 1 | 14 | 42 | 90 | 36 |
| Manglende ICPC-2-registrering* | | | | | | | | |
| 2014 | 213 | 86 | 41 | 55 | 30 | 22 | 145 | 106 |
| 2015 | 171 | 169 | 44 | 48 | 22 | 17 | 60 | 102 |
| 2016 | 121 | 161 | 34 | 43 | 18 | 25 | 43 | 87 |
| 2017 | 168 | 183 | 80 | 40 | 19 | 25 | 80 | 114 |

* ICPC-2 (kontaktårsak) har ikkje blitt registrert etter 2017.

ICPC-2-registreringa er ikkje tatt med i utrekninga av kor mange kontaktar som mangla minst *ei* opplysning i tabell 3.2, dvs. kontaktårsak var ikkje markert som «obligatorisk» i registreringsverktøyet, og det som manglar er derfor her oppgitt i egne tabellrekker. Det å

registrere kontaktårsak er meir tidkrevjande enn dei andre opplysningane som blir registrerte i Vaktårnprosjektet, i tillegg til at det slett ikkje alltid er kjent for operatøren, og det forklarar kvifor dette manglar meir enn andre opplysningar.

I dei to føregåande tabellane har vi sett på manglar i vaktårnregistreringane som er lette å oppedage. Det gir oss likevel ikkje kunnskap om eventuelle avvik mellom det som er faktiske tal kontaktar med vaktårna og kor stor del som blir registrert. Ein indikator på det får vi med å samanlikne med tal rekningskort i Helfo. Dette ser vi nærare på i figur 3.1, i ratar pr. tusen innbyggjarar i alle åra som er aktuelle.



Figur 3.1. Registreringar pr. tusen innbyggjarar i Helfo (rekningskort) og i Vaktårnprosjektet, 2007 til 2020.

Før 2012 hadde Vaktårnprosjektet ein høgare rate legevaktkontaktar enn kva som gjaldt i registreringane til Helfo. Dette kan forklarast med at ikkje all kontakt med legevakt genererer rekningskort, t.d. sjukepleiarråd. Etter 2012 har Vaktårnprosjektet hatt lågare rate enn Helfo, og tendensen i åra mellom 2012 og 2016 var fallande. I åra 2007 til 2013 ser vi ein liten auke i helforegistreringane; dei flata ut etter 2013 for så å auke litt i 2018 og 2019. Den store skilnaden i 2020 kjem nok av ulik måte å handtere pandemien på i både kommunane og ved legevaktene. Blant utvalet av legevakter i Vaktårnprosjektet så er det ingen legevakter med frå dei aller største byane. I tillegg så skal vi seinare i rapporten sjå at dei sju legevaktene har hatt svært ulik pågang pga. pandemien, både fordi graden av smitteutbrot var sterkt varierende og fordi kommunane handterte pandemien ulikt.

4 Resultat frå registreringane

4.1 Alder

I dei atten kommunane som er grunnlaget for Vaktårnprosjektet, budde det 246 477 innbyggjarar pr. 1. januar i 2020 (244 367 i 2019) (SSB, Statistikkbanken, 2021). Gitt inndelinga i alder som er brukt i tabell 4.1 var 23,6 prosent av denne *totalpopulasjonen* over 59 år (23,1 prosent i 2019; 22,7 i 2018; 22,4 i 2017; 21,9 i 2016). I 2020 var 36,7 prosent under 30 år (37,1 prosent i 2019; 37,5 i 2018; 37,7 i 2017; 37,9 i 2016). Den yngste delen av folkesetnaden i vaktårnkommunane har gått litt ned sidan 2014 (38,4 prosent i 2014), og året 2020 var ikkje eit unntak i så måte.

Tabell 4.1. Prosentfordeling av kontaktar med vaktårna i aldersgrupper.* Aldersfordelinga i *populasjonen* i dei atten vaktårnkommunane i 2020 (SSB, Statistikkbanken, 2021).

| | 0-4 år | 5-14 år | 15-29 år | 30-59 år | 60-79 år | 80+ år | (N)=100 % |
|--|--------|---------|----------|----------|----------|--------|-----------|
| <i>Populasjonen i vaktårnkommunane</i> | 5,3 | 11,9 | 19,5 | 39,8 | 19,6 | 4,0 | (246 477) |
| Alle vaktårn-kontaktane | 8,9 | 8,9 | 24,1 | 35,8 | 15,5 | 6,8 | (95 832) |
| Alta | 8,7 | 8,8 | 26,3 | 33,9 | 15,4 | 6,9 | (10 098) |
| Arendal | 8,4 | 10,2 | 22,2 | 37,0 | 15,7 | 6,4 | (29 426) |
| Austevoll | 14,4 | 9,7 | 18,9 | 31,3 | 17,2 | 8,5 | (3 347) |
| Kvam | 6,0 | 9,0 | 25,4 | 33,1 | 16,7 | 9,8 | (7 837) |
| Nes | 9,2 | 9,6 | 21,1 | 40,2 | 13,9 | 6,1 | (18 414) |
| Solør | 7,1 | 6,2 | 17,6 | 29,4 | 27,9 | 11,8 | (2 342) |
| Tromsø | 9,6 | 7,0 | 28,9 | 33,9 | 14,7 | 5,9 | (24 368) |


* Aldersopplysning er ukjent eller manglar for totalt 1 938 kontaktar.

Prosentdel over 59 år av *legevaktkontaktane* gjekk litt ned i 2020 (22,3 prosent) samanlikna med 2019 (24,4 prosent). Dei under 15 år utgjorde 21,5 prosent av legevaktkontaktane i 2019; i 2020 var dei redusert til 17,8 prosent. Den aller yngste gruppa utgjør som vanleg ein høgare prosentdel av legevaktkontaktane enn kva som er fordelinga i populasjonen. Slik er det òg aldersgruppa 15 til 29 år, som jamt over har utgjort nesten kvar fjerde legevaktkontakt, og

dette endra seg ikkje særleg i 2020. Ei endring ser vi i aldersgruppa 30 til 59 år, som utgjorde 35,8 prosent av vaktårkontaktane i 2020 mot 30,4 i 2019.

Vaktårna varierer. Legevaktene i Austevoll, Kvam og kontakt frå Solør er vaktårna med størst prosentdel i den eldste aldersgruppa, men dei eldste utgjer ein klart lågare del i 2020 enn i 2019 (respektivt 11,2, 17,9 og 15,8 prosent i 2019). Austevoll legevakt har framleis den største prosentdelen i den yngste aldersgruppa, der kvar sjuande kontakt kom frå den gruppa. Dette er likevel lågare del enn i 2019 (kvar sjettedå). I 2019 utgjorde aldersgruppa 30 til 59 år hos Nes legevakt 30,7 prosent; i 2020 heile 40,2 prosent.

Sidan 2009 har legevaktene i Alta og i Tromsø vore vaktårna med den klart største prosentdelen i gruppa 15 til 29 år; dette gjaldt berre så vidt i 2020. Hos Kvam legevakt steig nemleg denne aldersgruppa frå 16 prosent i 2019 til 25,4 prosent i 2020. Kontakt frå Solør i aldersgruppa 60 til 79 år steig i 2020, til å utgjere 27,9 prosent av kontaktane, frå 24,5 prosent i 2019. Dette er framleis langt over gjennomsnittet for alle vaktårna i denne aldersgruppa (15,5 prosent). (Tal for åra før 2020 er ikkje vist i tabell her.)



Figur 4.1. Prosentfordeling av kontakt med vaktårna i 2019 og 2020 etter alder (eittårig), samanstilt med aldersfordelinga i populasjonen i dei sju legevaktdistrikta 1. januar i 2020. Alle vaktårna.

Figur 4.1 viser den eittårige aldersfordelinga til legevaktkontaktane i både 2019 og 2020 og tilsvarende fordeling av populasjonen i dei atten vaktårnkommunane i 2020. Vi gjer dette for

begge åra for å kunne vise kva covid-19-pandemien har hatt å seie for kontaktmønsteret og alder.

Hovudtendensen i figur 4.1 har stort sett vore den same i alle registreringsåra. Kryssingspunkta til legevaktkontakt- og populasjonsfordelingane har rettnok endra seg litt frå år til år, men endringane er større i 2020 samanlikna med 2019. Legevaktsdelen var høgare enn populasjonsdelen frå alder 16 i begge åra, men vart i 2020 lågare enn populasjonsdelen først ved 37 års alder. Året før gjekk denne delen under populasjonsdelen ved 31 års alder. Legevaktsdelen heldt seg så høgare i 2020 enn i 2019 heilt fram til ca. 60 års alder. Frå 80 og oppover er prosentdel legevaktkontakt høgare enn populasjonsdelen, slik som før.

Blant dei yngste er mønsteret noko likare i dei to åra, men vi ser at legevaktsdelen av dei aller yngste er ein del lågare i 2020 fram til alder 10 år samanlikna med året før.

Gjennomsnittsalderen til vaktårkontaktane var 38,4 år i 2020, eit halvår høgare enn i 2019, og igjen den høgaste gjennomsnittsalderen sidan Vaktårprosjektet starta (tabell 4.2). Det er interessant å merke seg at avviket målt som standardavvik (24,6, sjå appendiks tabell A.2) aldri har vore så lågt som i 2020. Dette er konsekvensen av det som vi ser i figur 4.1: det har komme litt færre legevaktkontaktar frå dei yngste i 2020 samanlikna med året før, samstundes som at vi har ein større konsentrasjon av kontaktar i alderssjiktet 27 til 60 år.

Tabell 4.2. Gjennomsnittsalderen* til vaktårkontaktane, 2007 til 2020.

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Alta | 32,1 | 32,1 | 31,9 | 33,7 | 32,7 | 33,4 | 33,8 | 34,1 | 34,8 | 35,3 | 34,8 | 37,2 | 36,5 | 38,2 |
| Arendal | 35,3 | 35,1 | 34,3 | 34,6 | 35,0 | 35,5 | 35,8 | 35,5 | 35,9 | 36,3 | 37,7 | 38,4 | 37,6 | 38,5 |
| Austevoll | 38,3 | 40,5 | 37,8 | 39,5 | 40,8 | 39,9 | 37,9 | 38,3 | 37,0 | 37,0 | 38,8 | 39,1 | 38,8 | 38,6 |
| Kvam | 39,6 | 40,2 | 37,9 | 39,7 | 39,7 | 40,7 | 42,1 | 42,2 | 42,6 | 43,4 | 44,2 | 43,2 | 45,5 | 40,7 |
| Nes | 35,9 | 34,3 | 34,2 | 34,7 | 35,8 | 35,3 | 35,9 | 34,9 | 35,5 | 36,5 | 37,8 | 38,4 | 38,2 | 37,8 |
| Solør | 43,7 | 42,9 | 41,4 | 43,4 | 44,2 | 43,9 | 45,4 | 45,7 | 43,6 | 45,7 | 46,6 | 47,2 | 48,2 | 47,7 |
| Tromsø | 31,9 | 32,5 | 32,3 | 33,9 | 34,0 | 33,9 | 34,5 | 34,5 | 34,9 | 35,1 | 35,1 | 36,0 | 36,1 | 37,1 |
| Alle | 35,3 | 35,1 | 34,4 | 35,4 | 35,6 | 35,9 | 36,4 | 35,9 | 36,2 | 36,7 | 37,5 | 38,1 | 37,9 | 38,4 |
| Variasjonsbreidda | 11,8 | 10,8 | 9,5 | 9,7 | 11,5 | 10,5 | 11,6 | 11,6 | 8,8 | 10,6 | 11,8 | 11,2 | 12,1 | 10,6 |

* Standardavvika finst i appendiks, tabell A.2.

Det at aldersgjennomsnittet varierer både årleg og mellom dei sju vaktårna (tabell 4.2) er dels ei følgje av den demografiske fordelinga i legevaktdistrikta. Legevaktkontaktane i Alta var dei yngste frå 2008 til 2015, men i 2016, som i 2007, var det Legevakta i Tromsø som hadde dei yngste kontaktane. I 2017 var det så legevakta i Alta (34,8 år) som hadde dei yngste kontaktane, men etter det er det igjen Legevakta i Tromsø som har hatt dei yngste (37,1 år i 2020). Her trekkjer vi fram at gjennomsnittsalderen i Alta auka med heile 2,4 år frå 2017 til

2018; i 2020 var han 38,2 år, noko som er 6,3 år eldre enn kva legevaktkontaktane var i 2009, då svineinfluensaen drog ned aldersgjennomsnittet.

Solørkommunane har hatt det høgaste aldersgjennomsnittet i heile vaktårperioden; gjennomsnittet 47,7 år i 2020 var likevel ikkje det høgaste i løpet av Vaktårnprosjektet. Kvam legevakt sine kontaktar auka gjennomsnittsalderen årleg frå 2011 til 2017, han gjekk litt ned i 2018, for å stige relativt kraftig att i 2019, til 45,5 år. I 2020 fall gjennomsnittsalderen til 40,7 år. Skilnaden mellom vaktårnet med det høgaste og lågaste aldersgjennomsnittet (variasjonsbreidda) var på det største i 2019, men fall i 2020 til å vere 10,6 år.

4.2 Kjønn

Eit svært stabilt trekk ved vaktårnregistreringane er kjønnsfordelinga. I alle registreringsåra har godt over femti prosent av kontaktane vore kvinner, slik også i 2020 (54,6 prosent, tabell 4.3). I den yngste aldersgruppa var gutar i fleirtal hos seks av dei sju vaktårna i 2020 – det gjaldt ikkje Solør. Totalt sett var det nesten like stor del gutar og jenter i den nest yngste gruppa. Kvam legevakt hadde også i 2020 den lågaste jentedelen i denne aldersgruppa. Vi merkar oss elles at Austevoll legevakt igjen hadde mannsfleirtal i aldersgruppa 60 til 79 år, slik det var det i 2019.


Tabell 4.3. Prosentdel *kvinner* innan aldersgruppene i 2020.

| | 0-4 år | 5-14 år | 15-29 år | 30-59 år | 60-79 år | 80+ år | Alle |
|------------------|--------|---------|----------|----------|----------|--------|------|
| Alta | 45,1 | 53,0 | 55,6 | 51,7 | 50,0 | 59,5 | 52,5 |
| Arendal | 45,4 | 47,1 | 57,1 | 55,4 | 52,2 | 59,1 | 53,8 |
| Austevoll | 45,2 | 50,5 | 56,3 | 58,7 | 47,8 | 59,6 | 53,7 |
| Kvam | 46,0 | 42,5 | 53,8 | 56,3 | 53,7 | 65,4 | 54,3 |
| Nes | 45,1 | 53,8 | 58,1 | 57,5 | 54,9 | 66,1 | 56,3 |
| Solør | 59,6 | 56,6 | 62,1 | 55,8 | 60,4 | 65,0 | 59,6 |
| Tromsø | 48,4 | 49,2 | 59,9 | 54,4 | 50,5 | 59,1 | 54,8 |
| Alle | 46,4 | 49,4 | 57,7 | 55,4 | 52,3 | 61,4 | 54,6 |

Lågast kvinndel hadde Alta kommunale legevakt i 2020 (52,5 prosent); høgast var kvinndelen frå Solør (59,6 prosent), den høgaste nokon gong i Vaktårnprosjektet.

4.3 Årsratar og døgngjennomsnitt


Kontaktraten til vaktårna i 2020 var 396,7 pr. tusen innbyggjarar (363,5 pr. tusen i 2019; 352,9 i 2018; 316,4 i 2017). I 2007, det første heile vaktårnåret, var den gjennomsnittlege kontaktraten for vaktårna 399 legevaktkontaktar pr. tusen innbyggjarar. Raten steig i 2008 til 410; i 2009 til 412 pr. tusen innbyggjarar; i 2010 til 415. Det femte året, 2011, gjekk han så ned til 407 kontaktar pr. tusen og i 2012 gjekk raten ned endå meir, til 388 pr. tusen. Året 2013 gav ein ny nedgang i raten, til 360; i 2014 var raten 338,5 kontaktar pr. tusen, 329,2 pr. tusen i 2015 og i 2016 var raten 317,0 pr. tusen innbyggjarar. Variasjonen mellom vaktårna er som vanleg stor (figur 4.2).



Figur 4.2. Gjennomsnittleg tal kontaktar pr. 1 000 innbyggjarar i legevaktstrikta frå 2007 til 2018. Tal kontaktar pr. tusen innbyggjarar i 2019 og 2020.

Dei to største legevaktene, i Tromsø og i Arendal, skil seg som vanleg ut med lågare rate enn dei andre, men raten steig i Arendal i 2020. Solørraten er lågast. Han gjekk kraftig ned då legevakta der vart omorganisert i 2014. Forklaringa på den kraftige auken som skil seg ut hos legevaktene i Kvam og Nes har med måten dei to kommunane handterte covid-19-pandemien på. Sentrale oppgåver med å handtere pandemien var lagt til dei respektive legevaktene.

Variasjonar gjer seg også gjeldande i løpet av året. Det kan dreie seg om sesongvariasjonar eller månadsvis variasjonar. Figur 4.3 viser dette for dei to siste åra, og gjennomsnittet månadsvis frå 2007 til 2018. Alle vaktårna under eitt hadde ein gjennomsnittleg døgnrate på 1,084 pr. tusen innbyggjarar i 2020 (0,996 i 2019; 0,967 i 2018; 0,866 i 2017 og i 2016; 0,90 i 2015; 0,93 i 2014; 0,99 i 2013; 1,06 i 2012; 1,12 i 2011; 1,14 i 2010; 1,13 i 2009; 1,12 i 2008; i startåret 2007 var den gjennomsnittlege døgnraten 1,10 kontaktar pr. tusen innbyggjarar). Det er små desimalendringar i dagsgjennomsnitt frå år til år, men utslaga kan likevel vere store (figur 4.3).



Figur 4.3. Gjennomsnittleg tal kontaktar pr. døgn pr. 1 000 innbyggjarar månadsvis frå 2007 til 2018 og tilsvarende månadsvis i 2019 og 2020. Alle vaktårna.

Den gjennomsnittlege døgnraten (månadsvis) for 2020 speglar att det som skjedde med koronapandemien. Samfunnet vart stengt ved smitteutbrotet i mars, og legevaktene måtte handtere auka telefonisk kontakt og koronatestar. I april søkte styresmaktene å leggje hinder for mobilitet i samfunnet, som t.d. forbod mot å ha påskeferien på hytta, og elles relativt strenge reglar for karantene og eventuelt isolasjon. Dette gav eit klart lågare trykk på legevaktene. Etter april ser vi så ein liten auke i pågangen fram til august då skulane opna att, ferien var over og folk vart meir mobile. Lokale smitteutbrot gjorde også sitt til at eit par av vaktårna då opplevde stor pågang, t.d. i Kvam herad. Det er elles interessant å merke seg at i

januar, februar og april til juli så var kontaktraten lågare enn gjennomsnittsraten i tilsvarende månader i dei tolv første åra i Vakttårnprosjektet.

Tabell 4.4 viser variasjonane i dei gjennomsnittlege døgnsratane (pr. tusen innbyggjarar) månadsvis for alle vakttårna (sjå elles figur 4.3). Legevaktene i Kvam og Nes merker seg særleg ut i august med ein kontaktrate som langt overstig både dei andre vakttårna og dei elleve andre månadene med respektivt 4,1 og 3,3 kontaktar pr. tusen innbyggjarar pr. døgn.

Tabell 4.4. Gjennomsnittleg tal kontaktar pr. døgn pr. 1 000 innbyggjarar månadsvis i 2020.


| | Jan | Feb | Mar | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug | Sep | Okt | Nov | Des | 2020 |
|------------------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|------|
| Alta | 1,3 | 1,3 | 1,6 | 1,4 | 1,3 | 1,4 | 1,5 | 1,5 | 1,3 | 1,3 | 1,2 | 1,2 | 1,4 |
| Arendal | 0,7 | 0,7 | 1,0 | 0,7 | 0,7 | 0,8 | 0,7 | 1,0 | 1,2 | 1,0 | 1,0 | 0,6 | 0,8 |
| Austevoll | 1,8 | 1,8 | 2,2 | 1,4 | 2,0 | 1,6 | 1,8 | 2,2 | 1,6 | 1,6 | 1,7 | 1,5 | 1,8 |
| Kvam | 1,4 | 1,6 | 1,7 | 1,4 | 2,1 | 2,1 | 2,5 | 4,1 | 3,9 | 3,3 | 3,6 | 2,7 | 2,5 |
| Nes | 1,6 | 1,5 | 2,5 | 1,5 | 1,6 | 1,9 | 1,8 | 3,3 | 2,5 | 2,9 | 2,5 | 2,6 | 2,2 |
| Solør | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,4 | 0,5 | 0,4 | 0,4 | 0,5 | 0,4 | 0,3 | 0,3 | 0,4 | 0,4 |
| Tromsø | 1,0 | 1,0 | 1,5 | 0,8 | 0,7 | 0,8 | 0,8 | 1,1 | 0,9 | 0,9 | 0,8 | 0,7 | 0,9 |
| Alle | 1,0 | 1,0 | 1,4 | 0,9 | 0,9 | 1,0 | 1,0 | 1,4 | 1,3 | 1,2 | 1,1 | 0,9 | 1,1 |

Korkje legevaktene i Alta eller i Tromsø hadde spesielt stor månadsvis variasjon i kontaktraten i løpet av 2020. Legevakten i Arendal hadde den høgaste døgnsraten i september, ulikt dei andre vakttårna.

4.4 Dag og tid

Figur 4.4 viser at også 2020 gav ei forskyving av korleis kontaktane fordelte seg i løpet av veka. Vi ser igjen ein reduksjon i prosentdelen av legevaktkontakt som kom i helga, dvs. laurdagar og sundagar, både samanlikna med året før og med gjennomsnittet for dei tolv første åra. Helgeprosenten (laurdag pluss søndag) har aldri vore lågare enn i 2020 i løpet av Vakttårnprosjektet, berre 30,4 prosent. Det betyr slett ikkje at legevaktene hadde lite å gjere på sundagar og laurdagar. Ein del av vakttårna fekk òg meir å gjere i dei fem andre dagane, der vi ser at alle dagane har hatt ein relativ auke. Måndag er dagen som har hatt størst prosentvis auke, og var den travlaste dagen i 2020.

Variasjonen mellom vakttårna har både med opningstider og bemanning å gjere, men også kva legevaktene prioriterer å ta seg av på dei ulike vekedagane. Tabell 4.5 viser at legevakta i Alta framleis er vakttårnet med den lågaste kontaktprosenten i helga, 28,0.



Figur 4.4. Prosentfordeling av kontaktar etter vekedag. Gjennomsnitt for alle vaktårna i åra 2007 til 2018; prosentfordeling i 2019 og 2020. Alle vaktårna.

Kvam legevakt har i vaktårnåra før 2020 vore legevakta med klart høgast helgeprosent, dvs. når vi slår saman kontaktprosenten laurdagar og sundagar. Han var over 47 prosent i 2019 i Kvam, og på det høgaste har han vore over halvparten (i 2012). I 2020 var det «berre» 28,1 prosent av kontaktane til Kvam legevakt som kom på desse to dagane. Igjen er det pandemien som truleg har skapt slike forskyvingar av kontaktmønsteret til legevaktene.

Tabell 4.5. Prosentfordeling av kontaktar etter vekedag i 2020.

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|------------------|--------|--------|--------|---------|--------|---------|--------|
| Alta | 16,5 | 13,5 | 14,1 | 14,0 | 13,9 | 14,4 | 13,6 |
| Arendal | 15,0 | 14,4 | 13,7 | 13,2 | 12,9 | 15,5 | 15,4 |
| Austevoll | 12,3 | 13,0 | 11,8 | 11,4 | 13,1 | 20,3 | 18,2 |
| Kvam | 18,4 | 14,2 | 13,4 | 12,7 | 13,2 | 15,0 | 13,1 |
| Nes | 19,2 | 13,9 | 15,1 | 13,2 | 11,9 | 12,9 | 13,9 |
| Solør | 12,6 | 11,6 | 12,3 | 12,1 | 11,6 | 20,5 | 19,1 |
| Tromsø | 13,5 | 12,7 | 14,6 | 13,8 | 13,5 | 16,4 | 15,5 |
| Alle | 15,7 | 13,6 | 14,1 | 13,3 | 13,0 | 15,4 | 15,0 |

Døgnfordelinga av kontaktane har med bemanning og organisering å gjere, og eventuelle endringar som finn stad. Tabell 4.6 viser fordelinga av dei tre tidsromma, dag (kl. 8.00 til 15.29), ettermiddag og kveld (kl. 15.30 til 22.59) og natt (kl. 23.00 til 7.59). Vi nyttar denne inndelinga framleis for å kunne samanlikne bakover i tid. Det var nemleg slik det første programmet registrerte dette; det nye opnar for å kunne vere langt meir detaljert, om aktuelt.

Tabell 4.6. Prosentfordeling av kontaktar etter tidsperiodar på døgnet i 2020. *Ratar* pr. 1 000 innbyggjarar i åra 2007 til 2020.


| | Dag | Ettermiddag og kveld | Natt |
|------------------------------|------------|-----------------------------|-------------|
| Alta | 58,4 | 33,3 | 8,3 |
| Arendal | 46,6 | 40,7 | 12,7 |
| Austevoll | 35,4 | 51,7 | 13,0 |
| Kvam | 65,4 | 32,9 | 1,7 |
| Nes | 52,5 | 36,4 | 11,1 |
| Solør | 36,9 | 44,8 | 18,3 |
| Tromsø | 42,0 | 42,2 | 15,8 |
| Alle | 48,6 | 39,3 | 12,0 |
| <i>Pr. 1000 innbyggjarar</i> | | | |
| 2020 | 192,9 | 156,1 | 47,7 |
| 2019 | 142,8 | 166,6 | 54,1 |
| 2018 | 142,2 | 161,6 | 49,1 |
| 2017 | 120,7 | 148,9 | 46,7 |
| 2016 | 122,7 | 150,1 | 44,2 |
| 2015 | 126,9 | 157,0 | 45,4 |
| 2014 | 129,5 | 163,5 | 45,5 |
| 2013 | 131,9 | 183,4 | 45,0 |
| 2012 | 137,3 | 202,1 | 49,0 |
| 2011 | 140,8 | 214,6 | 51,7 |
| 2010 | 144,1 | 216,3 | 54,7 |
| 2009 | 142,1 | 217,0 | 53,0 |
| 2008 | 146,0 | 211,2 | 52,2 |
| 2007 | 147,7 | 202,6 | 48,9 |

Vakttårna har variert mykje når det gjeld mengde aktivitet på dagtid i løpet av måndag til fredag, tidspunktet då fastlegar og legekontor er opne. Nokre har eigentleg ikkje vore opne i det tidsrommet, og eventuell kontakt med legevakta blir vist vidare til fastlege, når det lar seg gjere. I dei siste åra har vi likevel sett ein tendens til at dagtidsaktiviteten har auka på dei fem første vekedagane. Året 2020 ga også endringar her, og for nokre av vakttårna vart dagaktiviteten særleg høg. Ved Kvam legevakt kom nesten to tredjepartar av kontaktane på

dagtid i 2020, ein konsekvens av måten pandemien vart handtert på i kommunen. Sidan 2013 og fram til 2019 har Kvam legevakt hatt omlag førti prosent av kontaktane på dagtid. Fem av dei andre vakttårna auka òg dagaktiviteten sin i 2020; mengda dagkontakt frå solørdistriktet var den same som tidlegare.

Vi spør oss så kor stor del av dagtidkontaktane i løpet av heile veka som no kjem på dei første fem dagane (ikkje vist i tabell). I 2019 var det over halvparten (54,3 prosent) av dagtidkontaktane (registrert før kl. 15.30) som kom på dei fem første vekedagane; i 2020 var prosentdelen 67,7, og dette er ein prosentdel som òg auka før 2019 (52,6 prosent i 2018; 50,8 prosent i både 2017 og i 2016; 48,8 prosent i 2015). Resten kom på laurdagar og sundagar.

Ikkje alle måndagar til fredagar er kvardagar. I 2020 gjaldt det nyårsdag, 1. mai, andre påske- og pinsedag, Kristi himmelfartsdag, skjærtorsdag og langfredag. Vi slår desse dagane saman med laurdagar og sundagar. Med det kom 65,6 prosent av kontaktane i 2020 på dagtid (kl. 8 til 15.29); i 2019 var tilsvarande del 49,9 prosent.



Figur 4.5. Gjennomsnittleg tal kontaktar pr. 1 000 innbyggjarar etter tidsperiode på døgnet i åra 2007 til 2018 (første søyle til venstre i kvar tidsperiode). Tal kontaktar pr. 1 000 innbyggjarar i 2019 og 2020.

Ratane viser òg endringane som har funne stad i åra med vakttårnregistreringar (figur 4.5 og tabell 4.6). Natratene (tabell 4.6) var relativt stabil før 2018 og tilbake til 2011, men han auka

to år på rad, for å bli redusert i 2020, slik ettermiddags- og kveldsraten òg vart. Som vi såg i figur 4.2 gjekk totalraten ved legevaktene i Arendal, Kvam og Nes opp i 2020, og vi ser her at dette først og fremst gjaldt dagsraten (figur 4.5), men Nes legevakt hadde òg ein liten auke i ettermiddags- og kveldsraten. Bortsett frå legevakta i Alta har vakttårna tidlegare hatt ein høgare ettermiddags- og kveldsrate enn dagsrate. Dette endra seg altså i 2020. Legevakta i Tromsø hadde i 2020 ein dagsrate og ettermiddags- og kveldsrate som nesten var det same.

4.5 Kontaktmåte

Den vanlege måten å vende seg til legevaktene på er telefonisk. I Vakttårnprosjektet har Legevakta i Tromsø vore eit lite avvik i så måte, med ein større del direkte oppmøte enn hos dei andre, ein del som rettnok er blitt redusert etter tiltak i november i 2013. I 2020 var det pandemien som skapte endringar i dette. Året 2020 under eitt hadde vakttårna eit direkte oppmøte på 4,1 prosent (tabell 4.7). I Tromsø vart denne delen redusert til berre fem prosent i 2020, frå 20,7 prosent i 2019. Om vi delar året i to, før og etter at samfunnet vart stengt, var prosenten direkte oppmøte i Tromsø 17,4 prosent i januar og februar; resten av året utgjorde direkte oppmøte 2,3 prosent i Tromsø (tilsvarande tal for alle under eitt var 11,7 og 2,8 prosent). Telefonisk kontakt frå pasienten sjølv utgjorde 53 prosent av kontaktmåtane i 2020; omsorgsperson eller pårørande stod for kvar fjerde kontakt (25,7 prosent). Lågast kontaktdel frå pasienten sjølv, pårørande eller omsorgsperson hadde legevakta i Alta (46,5 og 24,6 prosent). Det var uvanleg nok legevakta i Alta som hadde den høgaste delen direkte oppmøte i 2020 (6,3 prosent). Kvam legevakt hadde også i 2020 den høgaste delen kontakt frå helsepersonell, 16,2 prosent, men det var Austevoll legevakt som her hadde den lågaste i 2020 (5,5 prosent). Forklaringa der er at heimesjukepleien no har direktenummer til vaktlegen i kommunen og går derfor ikkje via legevaktsentralen. Legevakta i Tromsø hadde igjen den høgaste delen AMK-telefon eller alarm (9,0 prosent).

Uttrykt i ratar, og samla sett, var 311,4 kontaktar pr. tusen innbyggjarar telefoniske (frå pasient (209,8), pårørande eller omsorgsperson (101,6)) i 2020. Raten direkte oppmøte gjekk kraftig ned frå 2011 til 2017, hadde ein auke i 2018, men gjekk ned både i 2019 og i 2020, til då å berre gjelde 16,4 pr. tusen, heile året under eitt. Fallet i raten som gjeld kontakt frå helsepersonell stogga opp i 2016, raten steig i to år etter, gjekk litt ned i 2019, men steig relativt kraftig i 2020 til 37,9 pr. tusen innbyggjarar.

Tabell 4.7. Prosentfordeling av kontaktmåte* i 2020. *Ratar* pr. 1 000 innbyggjarar i åra 2007 til 2020.


| Kontaktmåte* | Tlf. frå pasienten | Tlf. frå pårørende el. omsorgspers. | Direkte oppmøte | Helsepersonell | AMK-tlf. eller alarm | Andre |
|------------------------------|---------------------------|--|------------------------|-----------------------|-----------------------------|--------------|
| Alta | 46,5 | 24,6 | 6,3 | 14,0 | 5,8 | 2,7 |
| Arendal | 52,4 | 28,1 | 4,1 | 10,2 | 3,3 | 2,0 |
| Austevoll | 50,0 | 37,8 | 0,2 | 5,5 | 4,7 | 1,9 |
| Kvam | 50,3 | 26,8 | 3,0 | 16,2 | 2,3 | 1,4 |
| Nes | 57,0 | 25,1 | 3,3 | 9,0 | 4,6 | 0,9 |
| Solør | 48,5 | 27,3 | 2,0 | 13,2 | 7,4 | 1,6 |
| Tromsø | 55,0 | 21,5 | 5,0 | 5,6 | 9,0 | 3,8 |
| Alle | 53,0 | 25,7 | 4,1 | 9,6 | 5,4 | 2,3 |
| <i>Pr. 1000 innbyggjarar</i> | | | | | | |
| 2020 | 209,8 | 101,6 | 16,4 | 37,9 | 21,2 | 9,0 |
| 2019 | 258,8 | - | 48,1 | 28,8 | 22,5 | 5,1 |
| 2018 | 246,9 | - | 52,6 | 30,3 | 18,1 | 4,7 |
| 2017 | 229,3 | - | 42,2 | 26,3 | 14,4 | 3,9 |
| 2016 | 230,5 | - | 45,6 | 23,6 | 13,2 | 4,1 |
| 2015 | 230,5 | - | 56,8 | 23,3 | 14,0 | 4,4 |
| 2014 | 226,5 | - | 70,7 | 24,0 | 13,3 | 3,8 |
| 2013 | 226,7 | - | 90,0 | 26,7 | 12,9 | 3,7 |
| 2012 | 242,0 | - | 102,6 | 26,7 | 12,5 | 4,1 |
| 2011 | 246,3 | - | 112,0 | 29,8 | 13,6 | 4,9 |
| 2010 | 259,3 | - | 106,5 | 28,4 | 14,6 | 5,1 |
| 2009 | 269,5 | - | 96,4 | 26,4 | 12,4 | 4,0 |
| 2008 | 265,1 | - | 102,8 | 26,3 | 11,0 | 3,3 |
| 2007 | 258,8 | - | 102,6 | 23,9 | 8,9 | 2,7 |

*Frå og med 1. oktober i 2019 vart det i registreringane skilt mellom at pasienten sjølv ringde eller at pårørende eller omsorgsperson tok samtalen på vegner av pasienten.

4.6 Hastegrad

Hastegradane si fordeling har endra seg i alle åra med vaktårnregistreringar, mykje hos nokre av vaktårna, mindre hos andre, og to av vaktårna (i Arendal og i Tromsø) har endra system for triage-verktøy. I Arendal la dei gradvis om til «Manchester Triage» frå midten av september månad i 2017, men legevakta nyttar no dette heile døgnet; i Tromsø starta dei opp for fullt med «Manchester Triage» frå midten av mars månad i 2018.

Grøn rate (264,9 pr. tusen innbyggjarar) steig kraftig i 2020 (figur 4.6 og tabell 4.8a). Gul rate gjekk ned i 2020 (97,7 pr. tusen) og det gjorde raud rate òg (27,9 pr. tusen). Raud rate dobla seg nemleg frå 2017 til 2018 og auka endå meir i 2019. Berre legevaktene i Kvam og Nes auka raten raude i 2020. Legevaktene i Alta og Nes hadde i 2020 ein gul responsrate som var omtrent som året før. Alta kommunale legevakt og kontaktane frå Solør har dei to siste åra hatt ein gul rate som er lågare enn gjennomsnittet for dei første åra i prosjektet; dei andre har då hatt høgare gul rate, og det gjeld også vaktåra samla.



Figur 4.6. Gjennomsnittleg tal responstypar pr. 1 000 innbyggjarar i legevaktdistriktet frå 2007 til 2018 (første søyle til venstre i kvar responstype). Tal hastegrader pr. 1 000 innbyggjarar i 2019 og 2020.

Eventuelle endringar i responsratane (figur 4.6) må sjølvsagt sjå i lys av endringane i totalratane (figur 4.2). Det er grøn rate som har auka hos dei tre legevaktene med kraftig auke i totalraten, Arendal, Kvam og Nes. Høgast var grøn rate i Kvam, 768,8 pr. tusen innbyggjarar; Nes legevakt sin grønne rate var 681,4 pr. tusen.

Trass i auke hadde Legevakten i Arendal ein lågare grøn rate enn kva som er gjennomsnittet for dei tolv første åra i Vaktårnprosjektet. Berre Alta kommunale legevakt hadde ein (liten) auke i gul rate i 2020, 82,3 pr. tusen innbyggjarar. Alle vaktårna under eitt hadde ein grøn rate i 2020 som var nær identisk med gjennomsnittet for dei tolv første åra.

Tabell 4.8 viser fordelinga av dei tre responsratane vaktårnvis for alle fjorten vaktårnåra. Ytterpunktta i responsfordelinga har vore dette når vi samanliknar vaktårna:

Høgast del grøn respons er det Austevoll legevakt som har hatt, i 2011, med 86,4 prosent; lågast del grøn hadde Legevakten i Arendal i 2019 med 46,5 prosent. Legevakta i Tromsø hadde eit kraftig fall i prosentdel grøn respons, frå 77,2 prosent i 2017 til 52,4 prosent i 2019. Desidert jamnast i responsfordelinga har kontaktane frå Solør vore, og dette endra seg ikkje i 2020. Dette gjeld både før og etter at Solør legevakt og alarmsentral vart nedlagt: høgast var 68,7 prosent grøne i 2007, lågast i 2019 med 61,1 prosent grøn respons. Legevakta i Tromsø har hatt den høgaste delen raud respons (12,0 prosent); det skjedde i 2019. Den lågaste delen raude hadde Nes legevakt i 2015 med 1,2 prosent. Prosentdel raud respons har totalt sett auka etter 2017. Det er først og fremst legevaktene i Arendal og Tromsø som har gitt bidrag til det, då dei la om til «Manchester-triage».

Tabell 4.8. Prosentfordeling av kontaktar etter hastegrad, 2007 til 2020 (framhald av tabell 4.8 på dei to neste sidene).

| Vakttårn | År | Grøn | Gul | Raud |
|------------------|-------------|-------------|-------------|------------|
| Alta | 2007 | 76,2 | 21,0 | 2,8 |
| | 2008 | 66,9 | 29,9 | 3,3 |
| | 2009 | 70,6 | 25,2 | 4,2 |
| | 2010 | 70,8 | 25,8 | 3,4 |
| | 2011 | 67,9 | 28,4 | 3,7 |
| | 2012 | 70,3 | 26,3 | 3,4 |
| | 2013 | 65,9 | 30,5 | 3,6 |
| | 2014 | 67,9 | 28,4 | 3,6 |
| | 2015 | 79,1 | 17,6 | 3,3 |
| | 2016 | 80,9 | 15,6 | 3,4 |
| | 2017 | 78,1 | 17,8 | 4,1 |
| | 2018 | 78,5 | 16,3 | 5,2 |
| | 2019 | 80,3 | 15,3 | 4,4 |
| | 2020 | 78,8 | 16,6 | 4,6 |
| Arendal | 2007 | 84,2 | 14,0 | 1,8 |
| | 2008 | 78,6 | 19,3 | 2,1 |
| | 2009 | 78,0 | 19,8 | 2,2 |
| | 2010 | 65,8 | 31,0 | 3,2 |
| | 2011 | 75,0 | 22,1 | 3,0 |
| | 2012 | 79,9 | 17,4 | 2,7 |
| | 2013 | 81,3 | 16,2 | 2,5 |
| | 2014 | 72,9 | 24,1 | 3,0 |
| | 2015 | 67,9 | 28,7 | 3,4 |
| | 2016 | 65,4 | 31,0 | 3,6 |
| | 2017 | 65,7 | 29,7 | 4,7 |
| | 2018 | 52,4 | 39,2 | 8,4 |
| | 2019 | 46,5 | 42,5 | 11,0 |
| | 2020 | 58,7 | 32,8 | 8,5 |
| Austevoll | 2007 | 72,8 | 24,1 | 3,2 |
| | 2008 | 71,1 | 25,9 | 3,0 |
| | 2009 | 69,5 | 27,4 | 3,1 |
| | 2010 | 80,9 | 15,6 | 3,4 |
| | 2011 | 86,4 | 12,4 | 1,3 |
| | 2012 | 84,4 | 13,0 | 2,5 |
| | 2013 | 79,7 | 17,7 | 2,5 |
| | 2014 | 70,9 | 24,8 | 4,3 |
| | 2015 | 71,3 | 24,7 | 4,0 |
| | 2016 | 67,4 | 28,1 | 4,5 |
| | 2017 | 66,4 | 30,1 | 3,5 |
| | 2018 | 67,4 | 29,0 | 3,6 |
| | 2019 | 60,6 | 34,2 | 5,3 |
| | 2020 | 66,3 | 28,2 | 5,5 |

... framhald, tabell 4.8. Prosentfordeling av kontaktar etter hastegrad, 2007 til 2020.

| Vakttårn | År | Grøn | Gul | Raud |
|-----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Kvam | 2007 | 79,2 | 19,3 | 1,5 |
| | 2008 | 80,3 | 17,7 | 2,0 |
| | 2009 | 81,1 | 16,4 | 2,6 |
| | 2010 | 76,8 | 20,3 | 3,0 |
| | 2011 | 78,1 | 19,8 | 2,2 |
| | 2012 | 74,6 | 23,1 | 2,3 |
| | 2013 | 73,5 | 24,2 | 2,3 |
| | 2014 | 69,7 | 27,4 | 2,9 |
| | 2015 | 69,7 | 26,8 | 3,4 |
| | 2016 | 71,6 | 25,0 | 3,4 |
| | 2017 | 71,8 | 24,0 | 4,1 |
| | 2018 | 70,2 | 25,4 | 4,3 |
| | 2019 | 68,3 | 27,6 | 4,1 |
| | 2020 | 82,9 | 14,5 | 2,5 |
| Nes | 2007 | 85,4 | 12,4 | 2,1 |
| | 2008 | 85,3 | 12,9 | 1,8 |
| | 2009 | 81,6 | 16,8 | 1,6 |
| | 2010 | 80,9 | 17,4 | 1,7 |
| | 2011 | 76,9 | 21,6 | 1,4 |
| | 2012 | 80,5 | 18,4 | 1,2 |
| | 2013 | 72,2 | 26,5 | 1,4 |
| | 2014 | 74,0 | 24,7 | 1,3 |
| | 2015 | 81,2 | 17,6 | 1,2 |
| | 2016 | 84,4 | 13,0 | 2,6 |
| | 2017 | 79,9 | 15,4 | 4,7 |
| | 2018 | 81,8 | 12,3 | 5,9 |
| | 2019 | 77,7 | 16,4 | 5,9 |
| | 2020 | 84,7 | 10,8 | 4,5 |
| Solør | 2007 | 68,7 | 28,8 | 2,5 |
| | 2008 | 66,1 | 32,0 | 1,9 |
| | 2009 | 65,5 | 32,4 | 2,0 |
| | 2010 | 67,7 | 29,9 | 2,4 |
| | 2011 | 65,1 | 32,6 | 2,4 |
| | 2012 | 62,3 | 35,1 | 2,5 |
| | 2013 | 63,9 | 33,3 | 2,8 |
| | 2014 | 65,1 | 31,7 | 3,1 |
| | 2015 | 60,7 | 34,7 | 4,6 |
| | 2016 | 61,9 | 33,7 | 4,4 |
| | 2017 | 64,6 | 31,4 | 4,0 |
| | 2018 | 61,7 | 32,9 | 5,4 |
| | 2019 | 61,1 | 31,0 | 7,8 |
| | 2020 | 65,2 | 28,3 | 6,4 |

... framhald, tabell 4.8. Prosentfordeling av kontaktar etter hastegrad, 2007 til 2020.

| | | | | |
|---------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Tromsø | 2007 | 63,9 | 33,3 | 2,8 |
| | 2008 | 73,2 | 25,0 | 1,8 |
| | 2009 | 72,7 | 25,2 | 2,1 |
| | 2010 | 61,9 | 36,0 | 2,1 |
| | 2011 | 74,1 | 23,8 | 2,1 |
| | 2012 | 67,3 | 30,0 | 2,6 |
| | 2013 | 65,9 | 31,5 | 2,6 |
| | 2014 | 65,7 | 31,0 | 3,2 |
| | 2015 | 75,1 | 22,1 | 2,8 |
| | 2016 | 71,2 | 25,3 | 3,5 |
| | 2017 | 77,2 | 19,2 | 3,6 |
| | 2018 | 61,1 | 28,8 | 10,1 |
| | 2019 | 52,4 | 35,6 | 12,0 |
| | 2020 | 57,0 | 32,6 | 10,5 |
| Alle | 2007 | 76,6 | 21,1 | 2,3 |
| | 2008 | 75,2 | 22,6 | 2,2 |
| | 2009 | 74,8 | 22,8 | 2,4 |
| | 2010 | 68,0 | 29,2 | 2,7 |
| | 2011 | 73,7 | 23,8 | 2,5 |
| | 2012 | 74,3 | 23,2 | 2,6 |
| | 2013 | 73,0 | 24,5 | 2,5 |
| | 2014 | 69,9 | 27,1 | 3,0 |
| | 2015 | 73,0 | 24,0 | 3,0 |
| | 2016 | 72,0 | 24,5 | 3,5 |
| | 2017 | 72,3 | 23,5 | 4,2 |
| | 2018 | 63,8 | 28,5 | 7,7 |
| | 2019 | 59,2 | 31,7 | 9,1 |
| | 2020 | 67,8 | 25,0 | 7,2 |

Tabell 4.8a viser elles at raten raud respons var særstabil dei tre åra før 2017 (ca. ti pr. tusen innbyggjarar), men han steig litt i 2017 (13,4 pr. tusen) og dobla seg i 2018. Ei truleg forklaring på auken før 2018 er at legevaktene har fått naudnett og ICCS, og blir derfor oftare informerte om raude responsar enn tidlegare.

Raten gule var på sitt høgaste i Vaktårnprosjektet i 2010 (120,7 pr. tusen). I 2020 steig raten grøn respons relativt kraftig, til å gjelde 264,9 pr. tusen innbyggjarar. Auken har nok sin bakgrunn i pandemien. Når totalraten endrar seg, gjer også dei spesifiserte ratane det. Utover omlegginga i Tromsø og i Arendal («Manchester triage») er det vanskeleg å finne årsakene til desse skifta. I tidlegare rapportar har vi vore inne på at endringar i sjølvne måten det blir tatt med kontakt legevakta på i Tromsø kan ha ytt bidrag til endra hastegradsbruk der, men altså før 2018.

Tabell 4.8a. Responsratar pr. 1 000 innbyggjarar, 2007 til 2020.

| År | Grøn | Gul | Raud |
|------|-------|-------|------|
| 2007 | 303,5 | 83,6 | 9,1 |
| 2008 | 306,8 | 92,2 | 8,8 |
| 2009 | 304,7 | 92,9 | 9,9 |
| 2010 | 281,2 | 120,7 | 11,3 |
| 2011 | 299,0 | 96,5 | 10,3 |
| 2012 | 286,4 | 89,6 | 9,8 |
| 2013 | 262,2 | 88,1 | 9,1 |
| 2014 | 236,3 | 91,5 | 10,1 |
| 2015 | 239,8 | 78,9 | 10,0 |
| 2016 | 227,8 | 77,7 | 10,9 |
| 2017 | 228,2 | 74,1 | 13,4 |
| 2018 | 221,6 | 98,9 | 26,6 |
| 2019 | 208,7 | 111,9 | 31,9 |
| 2020 | 264,9 | 97,7 | 27,9 |

I Alta vart auka del grønne responsar i 2015 forklart med at kommunen hadde fleire tomme legestillingar samanlikna med året før, då dei fleste legestillingane var fylt. Legevakta måtte dermed ta av seg av langt fleire av det som gjaldt grøn respons. Det kan også skje at personalet ved legevaktene endrar praksis i sine vurderingar. Vi må sjølvstundt også ta høgde for at det kan ha funne stad *faktiske* endringar i pasientgrunlaget og kontaktårsak.

4.7 Tiltak

Tiltaka hos vaktårna har blitt registrert med sju utfall. Den 20. mars i 2020 avgjorde prosjektgruppa i Vaktårnprosjektet at også prøvetaking av korona ved legevaktene skulle inn som eit åttande tiltak. I tabell 4.9 blir derfor variasjonen i dette presentert todelt: det som skjedde før denne datoen og det som skjedde frå og med 20. mars.

Det er først og fremst prosentdel telefonkonsultasjon sjukepleiar og konsultasjon lege som endrar seg (går ned) etter at det nye tiltaket inngår i prosentueringsbasisen. Dette skjer hos seks av vaktårna, men ikkje hos Austevoll legevakt. Legevakta i Tromsø hadde ein relativ kraftig auke i telefonkonsultasjon med lege frå den 20. mars (3,9 prosent før; 12,4 prosent etter). Her står fem av dei andre vaktårna fram med litt meir stabilitet, medan Kvam legevakt hadde ein nedgang. Vaktårna skil seg elles kraftig når det gjeld tiltaket prøvetaking av korona. Hos Kvam legevakt utgjorde dette heile 44 prosent frå den 20. mars og ut året; hos Nes legevakt var prosentdelen 31,4 i same perioden; i Arendal var han 22,0 prosent. Omsett i

ratar var det 55,2 pr. tusen innbyggjarar som vart testa for korona frå den 20. mars. Utover det er tiltaksratane nokså stabile om vi samanliknar 2020 med året før.

Tabell 4.9. Prosentfordeling av kontaktar etter tiltak i 2020 (før og etter at prøvetaking av korona vart innført som tiltak den 20. mars). *Ratar* pr. 1 000 innbyggjarar i åra 2007 til 2020 (heile året bortsett frå «Prøvetaking av korona»).

| | Tiltak | Tlf.kons. sjukepleiar | Tlf.kons. med lege | Konsultasjon lege | Konsultasjon andre enn lege | Utrykk. lege og ambul. | Sjukebesøk ved lege | Andre | Prøvetaking korona* |
|-------------------------------|-------------|-----------------------|--------------------|-------------------|-----------------------------|------------------------|---------------------|-------|---------------------|
| Alta | Før | 34,8 | 3,3 | 53,5 | 2,2 | 3,8 | 0,4 | 2,0 | - |
| | Etter | 28,0 | 3,5 | 52,9 | 2,8 | 3,7 | 0,1 | 3,1 | 5,7 |
| Arendal | Før | 27,3 | 11,2 | 53,6 | 0,4 | 2,2 | 1,7 | 3,5 | - |
| | Etter | 19,4 | 11,0 | 40,8 | 0,4 | 1,9 | 1,6 | 3,0 | 22,0 |
| Austevoll | Før | 46,3 | 9,0 | 32,2 | 0,2 | 4,8 | 2,6 | 4,7 | - |
| | Etter | 40,7 | 9,9 | 34,6 | 1,4 | 5,3 | 3,2 | 4,2 | 0,7 |
| Kvam | Før | 33,2 | 7,1 | 43,7 | 4,0 | 4,1 | 3,8 | 4,1 | - |
| | Etter | 21,2 | 3,9 | 23,2 | 1,9 | 2,3 | 1,5 | 1,8 | 44,4 |
| Nes | Før | 40,0 | 6,6 | 34,5 | 4,2 | 0,6 | 1,1 | 12,5 | - |
| | Etter | 26,4 | 4,7 | 23,5 | 4,6 | 0,5 | 0,6 | 8,2 | 31,4 |
| Solør | Før | 38,5 | 3,6 | 49,4 | 0 | 2,4 | 0,2 | 5,9 | - |
| | Etter | 35,2 | 5,6 | 46,0 | 0,4 | 2,7 | 0,2 | 9,4 | 0,6 |
| Tromsø | Før | 42,6 | 3,9 | 38,6 | 2,2 | 1,5 | 0,1 | 11,2 | - |
| | Etter | 39,9 | 12,4 | 32,2 | 1,8 | 2,4 | 0,6 | 9,4 | 1,1 |
| Alle | Før | 36,4 | 6,7 | 44,3 | 2,0 | 2,1 | 1,0 | 7,4 | - |
| | Etter | 27,9 | 8,5 | 34,9 | 2,0 | 2,1 | 1,0 | 5,7 | 18,1 |
| <i>Pr. tusen innbyggjarar</i> | | | | | | | | | |
| | 2020 | 118,1 | 32,0 | 146,6 | 7,9 | 8,3 | 4,0 | 24,0 | 55,2** |
| | 2019 | 99,1 | 23,1 | 197,7 | 7,2 | 8,5 | 3,5 | 22,5 | - |
| | 2018 | 89,6 | 25,9 | 199,9 | 5,6 | 7,8 | 4,4 | 17,9 | - |
| | 2017 | 80,6 | 25,4 | 182,4 | 4,1 | 7,1 | 4,2 | 11,5 | - |
| | 2016 | 81,9 | 23,1 | 186,5 | 5,4 | 6,2 | 3,7 | 9,7 | - |
| | 2015 | 75,0 | 25,1 | 204,1 | 5,3 | 6,7 | 3,1 | 8,8 | - |
| | 2014 | 66,3 | 25,6 | 219,8 | 5,6 | 7,2 | 3,7 | 9,6 | - |
| | 2013 | 73,4 | 29,9 | 225,8 | 5,2 | 7,1 | 5,1 | 12,9 | - |
| | 2012 | 71,3 | 34,7 | 247,0 | 4,8 | 6,9 | 5,1 | 17,3 | - |
| | 2011 | 76,9 | 35,9 | 256,5 | 4,8 | 7,2 | 5,8 | 18,9 | - |
| | 2010 | 79,2 | 36,9 | 256,6 | 5,7 | 7,5 | 5,6 | 21,9 | - |
| | 2009 | 88,0 | 41,4 | 239,3 | 6,9 | 7,1 | 6,1 | 18,2 | - |
| | 2008 | 72,4 | 40,3 | 257,6 | 8,1 | 7,2 | 6,5 | 15,5 | - |
| | 2007 | 73,3 | 37,8 | 250,2 | 6,0 | 6,8 | 6,3 | 16,7 | - |

*Prøvetaking korona var registrert som tiltak frå og med 20. mars i 2020. **Berre frå og med 20. mars og ut året.

Rekna om til ratar for alle vaktårna fekk 146,6 kontaktar pr. tusen innbyggjarar konsultasjon med lege som tiltak i 2020, ein nedgang frå året før. Utrykking med lege og ambulanse som tiltak fann i gjennomsnitt stad 8,3 gonger pr. tusen innbyggjarar, omtrent som året før, som

var det høgaste til då i Vakttårnprosjektet. Raten telefonkonsultasjon med sjukepleiar har auka ein del sidan 2014. Trass i at prosentdelen av dette tiltaket var litt lågare i 2020 samanlikna med 2019-tala, så steig raten til å gjelde 118,1 pr. tusen innbyggjarar heile året samla.

4.8 Geografi

Nittiein prosent av dei som vender seg til legevaktene hadde bustadadresse i det området som legevakta primært skal ta seg av i 2020, så vidt meir enn i 2019 (90 prosent). Prosentdelen har halde seg relativt stabil, vakttårna under eitt. Han gjekk litt ned i 2016, til 88,7 prosent (89,7 prosent i 2015), men var 89,2 prosent både i 2017 og i 2018, og var 89,4 prosent i 2019 (tabell 4.10 viser berre tal for 2020).

Tabell 4.10. Prosentfordeling av kontaktar etter bustadkommune/-land i 2020*.

| | Legevaktområdet | Resten av Noreg | Utlandet |
|------------------|------------------------|------------------------|-----------------|
| Alta | 89,7 | 8,6 | 1,7 |
| Arendal | 92,6 | 6,9 | 0,5 |
| Austevoll | 93,4 | 6,3 | 0,2 |
| Kvam | 85,2 | 13,3 | 1,5 |
| Nes | 97,8 | 2,0 | 0,2 |
| Tromsø | 85,9 | 10,9 | 3,2 |
| Alle* | 91,0 | 7,7 | 1,4 |

* Innbyggjarane i dei tre solørkommunane har kvart sitt kommunale telefonnummer som dei ringjer til dei interkommunale legevaktene i Elverum og Kongsvinger. Bustad blir då automatisk registrert i ein av dei tre kommunane ut frå *det* telefonnummeret. Solør er derfor ikkje med i denne tabellen sidan 100 prosent av kontaktane uansett blir registrerte frå legevaktområdet.

Legevaktene i Tromsø og i Kvam var også i 2020 dei som tok i mot flest frå andre stader i Noreg enn legevaktdistriktet (respektivt 10,9 og 13,3 prosent), men her var det stor skilnad før og etter at pandemiltaka frå styresmaktene vart sette i verk, og dette var såleis ein nedgang frå året før. Prosentdelen frå utlandet i Tromsø var litt lågare i 2020 (3,2 prosent) enn i 2019 (4,2 prosent). Dette er likevel, og som tidlegare, den høgaste delen frå utlandet blant vakttårna. I det som blir definert som påskeferie i Noreg (rettsferien: frå og med laurdag før palmesundag til og med andre påskedag) kom berre seks prosent av kontaktane i 2020 til legevakta i Kvam frå andre stader enn Kvam herad, ei særstør endring, som ein konsekvens av pandemien (37,7 prosent i 2019). Innslaget av utlendingar hos vakttårna er framleis lite, og litt varierende.

To av vakttårna var til og med 2013 interkommunale legevakter. Legevakten i Arendal er det framleis og dekkjer ti kommunar; Solør legevakt og alarmsentral dekte tre, og der er no kommunane delte på to interkommunale legevakter, i Elverum og i Kongsvinger.

Tabell 4.11. Tal kontaktar til Legevakten i Arendal i åra 2007 til 2020, pr. 1 000 innbyggjarar frå dei ti kommunane i legevaktdistriktet. *Avstand* til Legevakten i Arendal.

| År | Aren- dal | Fro- land | Fyres- dal | Gjer- stad | Grim- stad | Nisse- dal | Tvede- strand | Risør | Vegårs- hei | Åmli |
|---------------------------------|--------------|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|------------------|-------|----------------|------|
| 2007 | 372 | 338 | 103 | 215 | 284 | 173 | 263 | 243 | 241 | 222 |
| 2008 | 374 | 330 | 120 | 246 | 281 | 157 | 271 | 226 | 289 | 216 |
| 2009 | 378 | 333 | 93 | 263 | 281 | 137 | 246 | 215 | 278 | 225 |
| 2010 | 394 | 319 | 118 | 226 | 289 | 160 | 255 | 224 | 281 | 237 |
| 2011 | 406 | 328 | 106 | 243 | 286 | 136 | 286 | 241 | 290 | 242 |
| 2012 | 396 | 335 | 136 | 264 | 289 | 166 | 277 | 246 | 210 | 267 |
| 2013 | 374 | 326 | 116 | 227 | 252 | 131 | 254 | 226 | 240 | 260 |
| 2014 | 341 | 311 | 100 | 196 | 241 | 114 | 235 | 206 | 239 | 257 |
| 2015 | 297 | 273 | 99 | 185 | 203 | 109 | 201 | 190 | 181 | 186 |
| 2016 | 269 | 247 | 85 | 218 | 191 | 94 | 192 | 186 | 180 | 237 |
| 2017 | 310 | 308 | 111 | 258 | 229 | 112 | 254 | 218 | 238 | 246 |
| 2018 | 323 | 271 | 98 | 225 | 244 | 132 | 274 | 220 | 246 | 277 |
| 2019 | 282 | 270 | 128 | 222 | 227 | 123 | 253 | 183 | 223 | 236 |
| 2020 | 345 | 303 | 110 | 224 | 245 | 177 | 227 | 191 | 205 | 195 |
| <i>Kilometer til legevakt *</i> | | | | | | | | | | |
| <i>Km</i> | 2,2 | 14,0 | 133,5 | 52,1 | 20,1 | 95,4 | 28,2 | 46,9 | 37,8 | 59,5 |

* Rekna ut frå tyngdepunktet til folkesetnaden i kommunen. Sjå nærare utgreiing i Raknes, G., 2015, «Reisetid, reiseavstand og bruk av legevakt», doktoravhandling, Universitetet i Bergen.

Bebuarane i dei deltakande kommunane brukte også i 2020 legevaktene i svært ulik grad. Dess lenger veg til Legevakten i Arendal, dess mindre blir ho brukt (tabell 4.11). Variasjonen og endringane i løpet av vakttårnåra går fram av tabellen. I 2020 var det fire av dei deltakande kommunane som hadde ein rateauke; fem av kommunane hadde ein reduksjon og kontaktraten frå Grimstad er å rekne for stabil.

Dei tre kommunane som samarbeidde om Solør legevakt og alarmsentral ut året 2013 var Grue, Våler og Åsnes. I kva grad finn vi endringar der i 2020 (tabell 4.12)? Kontaktraten fall i alle tre kommunane, men minst frå Grue, som hadde ein reduksjon på 3,6 prosent.

Tabell 4.12. Tal kontaktar pr. 1 000 innbyggjarar frå dei tre kommunane som høyrer til Solør legevakt og alarmsentral i åra 2007 til 2020.


| År | Grue | Våler | Åsnes |
|-------|------|-------|-------|
| 2007 | 358 | 429 | 586 |
| 2008 | 402 | 485 | 508 |
| 2009 | 400 | 490 | 504 |
| 2010 | 361 | 416 | 530 |
| 2011 | 353 | 387 | 508 |
| 2012 | 333 | 431 | 469 |
| 2013 | 307 | 383 | 359 |
| 2014* | 153 | 253 | 201 |
| 2015 | 239 | 195 | 166 |
| 2016 | 222 | 172 | 124 |
| 2017 | 288 | 153 | 134 |
| 2018 | 240 | 126 | 130 |
| 2019 | 305 | 147 | 140 |
| 2020 | 294 | 97 | 105 |

*Registreringar frå kommunane Våler og Åsnes som mangla i månadene januar til mars vart her rekna inn som estimat.

Rateendringane må sjølvsagt sjåast i lys av at Solør legevakt og alarmsentral vart lagt ned frå 2014 av, og kva som er avstanden til dei to nye legevaktene. Dessutan fann det også stad endringar i løpet av 2013 som gjaldt kvar folk skulle vende seg dersom dei søkte legevaktteneste om natta.

4.9 Covid-19-pandemien

Frå og med 4. mars registrerte vaktårna om kontakten med legevakta gjaldt covid-19. I tillegg vart det registrert om tilfella berre var mistenkt eller om det var stadfesta tilfelle slik dette er definert av Folkehelseinstituttet. Som vi har sett tidlegare i rapporten vart det frå 20. mars lagt til eit registreringspunkt i tiltakslista, nemleg prøvetaking av korona (sjå kapittel 4.7). Figur 4.7 viser gjennomsnittleg tal covid-19-kontaktar pr. døgn pr. tusen innbyggjarar månadsvis frå og med 4. mars. Totalgjennomsnittet for dei her ti aktuelle månadene i 2020 var 0,311 covid-19-kontaktar pr. dag pr. tusen innbyggjarar. Dette var klart høgast i mars og august, medan månadene mellom var rolegare i så måte. Etter at skuleferien og andre feriar var over steig smitten. Trykket på legevaktene vart stort att i august, for nokre av vaktårna var pågangen stor utover heile hausten. Litt nedgang var det likevel.



Figur 4.7. Gjennomsnittleg tal *covid-19-kontaktar* pr. døgn pr. 1 000 innbyggjarar månadsvis hos vakttårna samla frå 4. mars i 2020.

Variasjonen hos vakttårna ser vi nærare på i tabell 4.13. For det første var den månedlege variasjonen særst stor hos legevaktene i Kvam og Nes. Dei hadde månader der covid-19 gjaldt over halvparten av kontaktane. Sjølv i månadene med litt lågare del covid-19-kontakt (april til juli) gjaldt ikring fjerdeparten (Nes legevakt) og tredjeparten (Kvam legevakt) av kontaktane covid-19. Hausten var særleg travel ved dei to legevaktene i så måte. Nesten tre av fire gjaldt covid-19 hos Kvam legevakt i september og november.

Tabell 4.13. Prosent av kontaktane med vakttårna som gjaldt covid-19, månadsvis frå og med 4. mars i 2020.

| | Mar | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug | Sep | Okt | Nov | Des | 2020 |
|------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Alta | 24,8 | 13,8 | 12,0 | 11,0 | 11,1 | 28,9 | 4,1 | 6,5 | 9,5 | 3,3 | 13,1 |
| Arendal | 37,1 | 13,5 | 9,4 | 9,9 | 9,4 | 41,9 | 51,2 | 45,3 | 44,7 | 11,5 | 30,8 |
| Austevoll | 16,3 | 5,0 | 5,7 | 3,1 | 2,0 | 10,8 | 5,1 | 3,6 | 4,4 | 3,8 | 6,4 |
| Kvam | 26,9 | 23,4 | 37,5 | 26,7 | 41,5 | 60,4 | 73,0 | 63,8 | 72,0 | 46,7 | 52,7 |
| Nes | 40,2 | 21,7 | 28,8 | 26,2 | 27,8 | 57,5 | 54,5 | 59,5 | 54,5 | 53,6 | 45,6 |
| Solør | 21,0 | 11,2 | 5,5 | 3,9 | 6,1 | 11,2 | 10,3 | 12,7 | 16,2 | 9,6 | 10,7 |
| Tromsø | 37,3 | 7,3 | 3,3 | 3,5 | 3,5 | 24,4 | 4,6 | 4,7 | 5,9 | 4,4 | 12,7 |
| Alle | 35,0 | 13,3 | 13,4 | 12,2 | 13,8 | 40,0 | 38,2 | 36,2 | 36,5 | 23,0 | 27,9 |

5 Oppsummering

I dei sju vaktårna inngår det atten kommunar med ein folkesetnad på 246 477 pr. 1. januar i 2020. I gjennomsnitt hadde vaktårna då i overkant av *ein* pasientkontakt pr. tusen innbyggjarar kvart døgn (nøyaktig gjennomsnittstal var 1,08379764). Om vi brukar vaktårnregistreringane som estimatgrunnlag og kalkulerer med folketalet som var 5 367 580 pr. 1. januar, kom det dagleg i gjennomsnitt 5 817 kontaktar til legevaktene i Noreg i 2020.

5.1 Vaktårna

Årsraten i 2020 var 396,7 kontaktar pr. tusen innbyggjarar, klart meir enn året før, men variasjonen mellom vaktårna var som vanleg stor og det var berre tre av vaktårna som hadde rateoppgang, dei andre hadde ein reduksjon i ratane (figur 4.2).

Rateauken gjaldt berre grøn respons i 2020, gul og raud vart litt redusert (figur 4.6 og tabell 4.8a). På grunn av covid-19-pandemien var året 2020 ikkje noko normalår ved legevaktene. Måten pandemien vart handtert på i kommunane Kvam og Nes gjorde til at kontaktmengda til dei respektive legevaktene gav særleg store bidrag i rateauken i 2020, men òg dels Legevakten i Arendal (tabell 4.8, 4.8a og figur 4.2).

Gjennomsnittsalderen til vaktårnkontaktane var 38,4 år i 2020 (tabell 4.2), den høgaste nokon gong. Alderen til legevaktkontaktane har hatt stigande trend dei siste åra, men det var berre tre av vaktårna som hadde ein auke i gjennomsnittsalderen i 2020; dei fire andre hadde ein reduksjon, men i varierende grad. Eitt av vaktårna, Kvam legevakt, hadde ein gjennomsnittsreduksjon i alder på heile 4,8 år i 2020.

Covid-19-pandemien endra ein del i måten det vart tatt kontakt med legevaktene på då han fekk fotfeste i mars månad (tabell 4.7). Endringa gav først og fremst ein kraftig auke i telefonisk kontakt (frå pårørande, omsorgsperson eller pasienten sjølv) og reduksjon når det gjaldt direkte oppmøte. Sistnemnde vart redusert til å utgjere ein tredjepart av det som gjaldt i 2019 (16,4 pr. tusen innbyggjarar).

Vaktårna har til vanleg stor pågang i helgane (laurdagar og sundagar), men vi har sett ein tendens til relativ auke i aktiviteten på dei fem andre vekedagane. Også året 2020 gav eit visst bidrag i så måte (tabell 4.5 og figur 4.4) der også dagaktiviteten (kl. 8 til 15.30) auka kraftig hos legevaktene (tabell 4.6 og figur 4.5).

5.2 Nasjonale estimat

Registreringane hos vakttårna har sidan 2007 gitt oss grunnlag for å rekne ut nasjonale estimat av volumet i den totale legevaktaktiviteten i Noreg. Det har rett nok funne stad ein del endringar hos enkelte av vakttårna, men vi finn det på sin plass å utarbeide slike estimat framleis. Med det kan ein samanlikne over tid, og både estimata og vakttårnregistreringane kan vurderast opp mot dei faktiske tala i KUHR-databasen i Helfo. Dette blir vist i tabell 5.2 og i figur 5.1.

Tabellane 5.1 (åra 2017 til 2020) og A.1 (i appendiks, åra 2007 til 2016) viser estimert nasjonalt volum på aktuelle kjenneteikn ved kontaktane med vakttårna. Det totale talet medisinske legevaktkontaktar i Noreg i 2020 er på grunnlag av vakttårnregistreringane estimert til å vere 2 129 157 (1 936 796 i 2019; 1 868 666 i 2018; 1 663 469 i 2017; 1 652 972 i 2016; 1 700 524 i 2015; 1 729 274 i 2014). Som vi såg i figur 3.1 er dette vakttårnestimatet for 2020 klart lågare enn dei faktiske registreringane i Helfo (3 381 690).

Ettersom det vart lagt til eit ekstra (sjuande) tiltak i vakttårnregistreringane den 20. mars i 2020, endrar det i seg sjølv fordelinga av tiltaka. Vi fekk ein klart lågare del konsultasjon lege og truleg også ei underestimering av telefonkonsultasjon sjukepleiar sjølv om det talet er høgare enn i 2019. Estimatet telefonkonsultasjon lege har derimot auka i 2020 samanlikna med åra før.

Av responsgradane er det berre den estimerte mengda grøn respons som er klart høgare i 2020 enn tidlegare. Estimatet raud respons har rettnok auka dei siste åra, og er over det doble av kva det var i 2017. Ei mogleg forklaring på denne auken sidan 2017 (også nemnt tidlegare) er at legevaktene har fått naudnett og ICCS, og blir no oftare informerte om raude responsar. I tillegg kjem omlegginga av triage-verktøyet hos legevaktene i Arendal og Tromsø, som har gitt større del raude. Ein auke sidan 2017 ser vi òg når det gjeld estimatet av gul respons, sjølv om estimatet vart litt redusert i 2020.

Estimatet av direkte oppmøte hadde ein kraftig nedgang i 2020 pga. koronapandemien, og vart redusert til nesten tredjeparten av det som det var året før. Med det auka estimatet telefonisk kontakt frå pasienten sjølv, omsorgsperson eller pårørande.

Tabell 5.1. Nasjonale årsestimat av volumet i legevaktaktiviteten i åra 2020, 2019, 2018 og 2017, basert på vaktårnregistreringane. (For estimat før 2017, sjå A.1. i appendiks.)

| | Vaktårn- registreringar i 2020 | Pr. 1 000 innb. i 2020 | Nasjonale årsestimat | | | |
|-------------------------|--------------------------------------|------------------------------|----------------------|-----------|-----------|-----------|
| | | | 2020* | 2019* | 2018* | 2017* |
| Kontaktmåte | | | | | | |
| Telefonisk ** | 76 755 | 311,4 | 1 671 509 | 1 378 981 | 1 307 572 | 1 205 730 |
| Direkte oppmøte | 4 050 | 16,4 | 88 198 | 256 351 | 278 771 | 221 998 |
| Helsepersonell | 9 336 | 37,9 | 203 312 | 153 305 | 160 596 | 138 263 |
| AMK-telefon | 5 232 | 21,2 | 113 938 | 119 770 | 95 721 | 75 942 |
| Andre | 2 225 | 9,0 | 48 454 | 27 190 | 24 721 | 20 475 |
| Hastegrad | | | | | | |
| Grøn | 65 285 | 264,9 | 1 421 725 | 1 112 207 | 1 173 549 | 1 200 120 |
| Gul | 24 081 | 97,7 | 524 417 | 595 973 | 523 774 | 389 511 |
| Raud | 6 885 | 27,9 | 149 936 | 170 116 | 140 802 | 70 463 |
| Tiltak | | | | | | |
| Tlf.kons. sjukepleiar | 29 103 | 118,1 | 633 782 | 528 053 | 474 486 | 424 001 |
| Tlf.konsultasjon lege | 7 898 | 32,0 | 171 996 | 123 281 | 139 451 | 133 788 |
| Konsultasjon lege | 36 127 | 146,6 | 786 745 | 1 053 314 | 1 058 513 | 959 284 |
| Konsultasjon andre | 1 938 | 7,9 | 42 204 | 38 114 | 29 822 | 21 610 |
| Utrykking, lege+amb. | 2 050 | 8,3 | 44 643 | 45 309 | 41 135 | 37 131 |
| Sjukebesøk, lege | 990 | 4,0 | 21 559 | 18 817 | 23 260 | 22 112 |
| Andre tiltak | 5 920 | 24,0 | 128 921 | 119 945 | 94 871 | 60 313 |
| Prøvetaking korona# | 13 602 | 55,2 | 296 214 | - | - | - |

* Basert på folketalet i vaktårnkommunane i 2017, 240 890, og basert på folketalet i Noreg i 2017, 5 258 317;

basert på folketalet i vaktårnkommunane i 2018, 242 925, og basert på folketalet i Noreg i 2018, 5 295 619;

basert på folketalet i vaktårnkommunane i 2019, 244 367, og basert på folketalet i Noreg i 2019, 5 328 212;

basert på folketalet i vaktårnkommunane i 2020, 246 477, og basert på folketalet i Noreg i 2020, 5 367 580.

** Registreringsmåten av dette er todelt i Vaktårnprosjektet frå 2020: telefon frå pasienten sjølv (51 711) eller telefon frå pårørande/omsorgsperson (25 044).

Dette vart registrert som tiltak frå og med 20. mars i 2020.


Tabell 5.2 viser dei estimerte tala frå Vaktårnprosjektet samanstillt med kva som er oppgitt som faktiske tal i KUHR-databasen når det gjeld konsultasjon med lege ved legevakt, og kor mange sjukebesøk som er blitt gjort. Vi har tidlegare konstatert at Vaktårnprosjektet trefte relativt godt i dei fire åra 2007, 2008, 2010 og 2011 når det gjaldt konsultasjon lege, men underestimerte talet sjukebesøk ein del meir, særleg i første året av Vaktårnprosjektet, med ei klar betring i 2011 og i 2013. I både 2017 og i 2018 var underestimeringa klart lågare att etter ein del auke og variasjon i avviket frå 2014 av, men underestimeringa vart større i både 2019 og særleg i 2020. Igjen så kan vi ikkje sjå bort frå at pandemien har hatt noko å seie. Konsultasjon med lege ved legevaktene hadde òg ein stor auke i avviket frå Helfo-registreringane i 2020. Som nemnt kjem det av at talet tiltakspunkt vart utvida den 20. mars, ei endring som gav ei forskyving av fordelinga.

Tabell 5.2. Estimert tal konsultasjonar med lege ved legevaktene, estimert tal sjukebesøk (*uttrykking med lege pluss sjukebesøk*), tal rekningskort for dette (kjelde, Helfo) og prosent avvik i estimata basert på vaktårndata i åra 2007 til 2020.

| | Estimert frå vaktårna | | Tal rekningskort | | Prosent avvik i estimata | |
|-------------|-----------------------|------------|------------------|------------|--------------------------|------------|
| | Konsultasjon | Sjukebesøk | Konsultasjon | Sjukebesøk | Konsultasjon | Sjukebesøk |
| 2007 | 1 171 422 | 60 974 | 1 240 235 | 83 046 | 5,5 | 26,6 |
| 2008 | 1 220 405 | 68 788 | 1 323 453 | 78 999 | 7,8 | 12,9 |
| 2009 | 1 148 461 | 63 350 | 1 328 643 | 75 884 | 13,6 | 16,5 |
| 2010 | 1 246 581 | 63 813 | 1 330 561 | 72 296 | 6,3 | 11,7 |
| 2011 | 1 262 172 | 64 115 | 1 359 902 | 68 883 | 7,2 | 6,9 |
| 2012 | 1 231 353 | 59 856 | 1 368 297 | 67 657 | 10,0 | 11,5 |
| 2013 | 1 140 521 | 61 943 | 1 344 801 | 66 059 | 15,2 | 6,2 |
| 2014 | 1 122 786 | 55 690 | 1 352 209 | 65 202 | 17,0 | 14,6 |
| 2015 | 1 054 106 | 50 649 | 1 342 521 | 63 192 | 21,5 | 19,8 |
| 2016 | 972 442 | 51 753 | 1 350 766 | 64 147 | 28,0 | 19,3 |
| 2017 | 959 284 | 59 243 | 1 332 204 | 66 977 | 28,0 | 11,5 |
| 2018 | 1 058 513 | 64 395 | 1 321 039 | 70 829 | 19,9 | 9,1 |
| 2019 | 1 053 314 | 64 126 | 1 341 415 | 75 980 | 21,5 | 15,6 |
| 2020 | 786 745* | 66 202 | 1 251 333 | 87 694 | 37,1* | 24,5 |

*Auken i dette avviket kjem delvis av at i Vaktårnprosjektet vart det lagt til eit åttande tiltak i registreringane frå og med 20. mars. Med dette tiltaket spesifisert vart konsultasjon lege redusert. I tillegg må ein også ta høgde for at egne luftvegslegevakter vart oppretta, og all kontakt der vart ikkje registrert som vaktårnkontakt. Truleg var dette særleg tilfelle der dette vart organisert i egne lokale. Dersom vi brukar dei 79 dagane *før* 20. mars som grunnlag for dette estimatet for heile 2020 så er talet for *konsultasjon* 980 164, og avviket med det er 21,6 prosent.

I figur 5.1 blir dette også vist grafisk for dei aktuelle åra. Dei to linene i grafen som viser det totale talet registreringar («Vaktårn alle» og «Helfo alle»), er identiske med tidlegare viste figur 3.1.



Figur 5.1. Spesifiserte (sjukebesøk og konsultasjon) tal registreringar i Helfo, 2006 til 2020, og i Vakttårnprosjektet, 2007 til 2020 (sjå elles note i tabell 5.2).

Avviket i estimatet legekonsultasjon i 2009 var elles større enn i dei andre åra før 2013, noko som truleg kom av influensapandemien. Dette avviket auka særleg etter 2011 og var 28,0 prosent i både 2016 og 2017, men i 2018-registreringane vart det redusert til 19,9 prosent, og det steig til 21,5 prosent i 2019. Konsultasjon lege har hatt litt større variasjon i underestimeringa frå vakttårndata enn det som gjeld sjukebesøk (uttrykking med lege pluss sjukebesøk), frå 5,5 prosent i 2007 til 28,0 prosent og med pandemien i 2020 til 37,1 prosent.

Appendiks

Kodebok.

V1. Årstall

Fire siffer

V2. Ukenummer

Ukenummer med to siffer som følger offisiell kalender

V3. Ukedag

1. Mandag
2. Tirsdag
3. Onsdag
4. Torsdag
5. Fredag
6. Lørdag
7. Søndag

Hver dag defineres fra kl. 00.00 – kl. 23.59.

V4. Tid på dagen (blir automatisk ført som nøyaktige tidspunkt. Tredelingen gjelder rapporteringen)

1. Dag: kl. 08.00 - kl.15.29
2. Ettermiddag og kveld: kl. 15.30 - kl. 22.59
3. Natt: kl.23.00 – kl. 07.59

V5. Hvem henvender seg

1. Telefon fra pasient/pårørende/omsorgsperson (t.o.m. 30. sept., 2019, deretter «Telefon fra pasient»)
2. Direkte oppmøte av pasient
3. Helsepersonell
4. AMK telefon eller alarm
5. Andre
6. Telefon fra pårørende/omsorgsperson (fra og med 1. oktober, 2019)

V6. Kommune (bosted)

Kommune og land registreres med SSBs nummersystem.

V7. Kjønn

1. Kvinne
2. Mann

V8. Alder

Alder registreres med inntil tre siffer. Fra fødsel til og med dagen *før* fylte ett år registreres som 0 år.

V9. Responsgrad, vurdert av sykepleier

Hastegrad settes ut fra førstekontakt med sykepleier, som vurderer ut fra kriterier i medisinsk indeks. (Manchester-triage blir brukt ved Legevakten i Arendal og Legevakta i Tromsø, omkoding vist i parentes.)

1. Grønn respons (blå og grønn)
2. Gul respons (gul)
3. Rød respons (orange og rød)

V10. Tiltak for hver henvendelse

1. Telefonkonsultasjon/rådgivning med sykepleier/annet helsepersonell enn lege
2. Telefonkonsultasjon med lege
3. Konsultasjon, lege
4. Konsultasjon, andre enn lege
5. Utrykning, lege og ambulanse
6. Sykebesøk ved lege
7. Annet
8. Prøvetaking korona (fra og med 20. mars i 2020)

V11. Kontaktårsak (ICPC-2-koder) (Bare i årene 2014 til 2017.)

Tabell A.1. Nasjonale årsestimat av volumet i legevaktaktiviteten i åra 2007 til 2016, basert på vakttårnregistreringane.

| | Nasjonale årsestimat | | | | | | | | | |
|--------------------|----------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| | 2007* | 2008* | 2009* | 2010* | 2011* | 2012* | 2013* | 2014#* | 2015* | 2016* |
| Kontaktmåte | | | | | | | | | | |
| Telefonisk | 1 211 604 | 1 255 629 | 1 293 398 | 1 259 875 | 1 212 099 | 1 206 549 | 1 145 290 | 1 157 373 | 1 190 817 | 1 201 974 |
| Direkte oppmøte | 480 382 | 487 161 | 462 648 | 517 226 | 550 970 | 511 640 | 454 462 | 361 460 | 293 398 | 237 579 |
| Helsepersonell | 112 000 | 124 768 | 126 700 | 137 917 | 146 756 | 132 929 | 134 904 | 122 778 | 120 402 | 122 922 |
| AMK-telefon | 41 628 | 52 092 | 59 511 | 71 036 | 66 988 | 62 270 | 65 209 | 67 790 | 72 569 | 68 632 |
| Andre | 12 554 | 15 558 | 19 197 | 24 868 | 24 209 | 20 207 | 18 877 | 19 259 | 22 683 | 21 383 |
| Hastegrad | | | | | | | | | | |
| Grøn | 1 420 728 | 1 453 268 | 1 462 332 | 1 366 135 | 1 471 387 | 1 428 688 | 1 324 305 | 1 207 200 | 1 238 672 | 1 187 762 |
| Gul | 391 365 | 436 643 | 445 850 | 586 565 | 474 621 | 445 833 | 444 817 | 467 679 | 407 687 | 404 973 |
| Raud | 42 635 | 41 757 | 47 512 | 54 980 | 50 682 | 49 084 | 46 093 | 51 716 | 51 523 | 56 913 |
| Tiltak | | | | | | | | | | |
| Tlf.kons. sj.pl. | 343 165 | 342 969 | 422 334 | 384 857 | 378 351 | 355 648 | 370 572 | 338 599 | 387 689 | 426 881 |
| Tlf.kons. lege | 176 873 | 190 800 | 198 689 | 179 320 | 176 777 | 172 841 | 150 798 | 130 793 | 129 463 | 120 560 |
| Konsul. lege | 1 171 422 | 1 220 405 | 1 148 461 | 1 246 581 | 1 262 172 | 1 231 353 | 1 140 521 | 1 122 786 | 1 054 106 | 972 442 |
| Kons. andre | 28 044 | 38 304 | 33 115 | 27 892 | 23 403 | 24 178 | 26 214 | 28 680 | 27 421 | 28 402 |
| Utr. lege + amb. | 31 703 | 34 000 | 34 075 | 36 399 | 35 617 | 34 276 | 36 099 | 36 563 | 34 472 | 32 556 |
| Sjukesøk, lege | 29 271 | 30 788 | 29 275 | 27 414 | 28 498 | 25 580 | 25 844 | 19 127 | 16 177 | 19 197 |
| Andre tiltak | 77 975 | 73 637 | 87 346 | 106 239 | 92 830 | 86 460 | 65 035 | 48 817 | 45 367 | 50 397 |

*Basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2007, 216 030, og basert på folketallet i Noreg i 2007, 4 681 134; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2008, 218 313, og basert på folketallet i Noreg i 2008, 4 737 171; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2009, 221 024, og basert på folketallet i Noreg i 2009, 4 799 252; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2010, 223 295, og basert på folketallet i Noreg i 2010, 4 858 199; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2011, 226 007, og basert på folketallet i Noreg i 2011, 4 920 305; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2012, 228 905, og basert på folketallet i Noreg i 2012, 4 985 870; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2013, 232 000, og basert på folketallet i Noreg i 2013, 5 051 275; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2014, 234 480, og basert på folketallet i Noreg i 2014, 5 109 056; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2015, 236 618, og basert på folketallet i Noreg i 2015, 5 165 802; basert på folketallet i vakttårnkommunane i 2016, 238 469, og basert på folketallet i Noreg i 2016, 5 213 985.

Registreringar frå kommunane Våler og Åsnes som manglar i månadene januar til mars i 2014 er her rekna inn som estimat.

Tabell A.2. Standardavvika til gjennomsnittsverdiane (alder) i tabell 4.2.

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Alta | 24,0 | 24,2 | 24,0 | 24,5 | 24,0 | 24,6 | 24,7 | 25,2 | 26,1 | 25,4 | 25,7 | 26,2 | 25,2 | 24,7 |
| Arendal | 26,4 | 26,3 | 26,3 | 26,4 | 26,4 | 26,3 | 26,3 | 26,2 | 26,0 | 26,2 | 26,6 | 26,6 | 26,5 | 24,5 |
| Austevoll | 29,4 | 30,2 | 30,0 | 29,7 | 29,8 | 30,6 | 30,7 | 29,5 | 29,3 | 29,9 | 30,1 | 30,1 | 29,0 | 27,1 |
| Kvam | 29,2 | 29,1 | 28,6 | 29,9 | 29,3 | 29,2 | 29,5 | 29,9 | 29,7 | 29,3 | 29,5 | 29,3 | 29,9 | 25,8 |
| Nes | 26,7 | 26,2 | 26,1 | 26,2 | 26,5 | 26,3 | 26,1 | 26,2 | 26,6 | 27,1 | 27,6 | 27,6 | 27,3 | 24,0 |
| Solør | 28,0 | 28,2 | 28,3 | 28,2 | 27,7 | 27,9 | 28,3 | 27,0 | 27,4 | 27,8 | 27,3 | 28,5 | 26,9 | 26,5 |
| Tromsø | 23,6 | 23,8 | 24,1 | 24,5 | 24,1 | 24,2 | 24,4 | 24,4 | 24,5 | 25,0 | 25,0 | 24,6 | 24,6 | 23,9 |
| Alle | 26,2 | 26,1 | 26,0 | 26,2 | 26,1 | 26,2 | 26,3 | 26,1 | 26,2 | 26,4 | 26,7 | 26,6 | 26,3 | 24,6 |

| | |
|-------------|-------------------------|
| ISBN | 978-82-8408-162-5 (pdf) |
|-------------|-------------------------|